|---|---|---|---|---|---|
| Tal døypte | 1687 | 1905 | 1872 | 2 175 | 2 203 |
| Tal konfirmerte | 2469 | 2502 | 2 688 | 2 738 | 2 882 |
| Tal kyrkjelege vigsler | 405 | 423 | 414 | 479 | 459 |
| Tal kyrkjelege gravferder | 2117 | 2115 | 2 234 | 2 201 | 2 208 |
| Tal gudstenester totalt | 3866 | 3766 | 3 765 | 3 668 | 3 818 |
| Samla tal gudstenestedeltakarar | 373127 | 372348 | 389 333 | 388 863 | 404 577 |

## C) Nøkkeltall frå rekneskapen

### Tabell 2.4: Nøkkeltal frå årsrekneskapen

| Nøkkeltal for årsrekneskapen | 2018 | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 |
|---|---|---|---|---|---|
| Tal årsverk | 87,1 | 84,6 | 86,4 | 81,1 | 86,5 |
| - av desse i presteteneste | 73,5 | 70,8 | 72,8 | 69,1 | 72 |
| Samla tildeling post 01 | 76 350 000 | *83 890 000 | 76 378 000 | 73 736 000 | 67 837 000 |
| Utnyttingsgrad post 01 | 97,4% | 98,4% | 97,1 % | 94,4 % | 97,9 % |
| Driftsutgifter | 74 329 000 | *83 332 000 | 74 172 000 | 69 597 000 | 66 428 000 |
| Lønsdel av driftsutgifter | 90,88 | 90,34 % | 87,6 % | 87,5 % | 88,6 % |
| Del løn brukt i prestetenesta | | 87,9 % | 75,8 % | 77,8 % | 74,8 % |
| Lønsutgifter pr. årsverk | 775 545 | *870 712 | 752 194 | 750 551 | 680 486 |

*For 2017 inkluderer desse tala inkludert pensjonskostnad

# DEL 3 – ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT

## Innleiing

### Overordna vurdering av resultat, måloppnåing og ressursbruk

Dei fire hovudmåla som Møre bispedøme har arbeidd etter går fram av statsbudsjettet vedtatt av Stortinget:

- Den norske kyrkja skal vere ei landsdekkande, lokalt forankra kyrkje.
- Den norske kyrkja skal ha oppslutning som stadester karakteren som folkekyrkje.
- Den norske kyrkje skal formidle evangelisk-luthersk tru og tradisjon og tilby trusopplæring til alle døypte barn.
- Den norske kyrkja skal vere organisert i samsvar med demokratiske prinsipp og verdiar

Som grunnlag for vurdering av måloppnåing har Kyrkjerådet nærare definert resultatmål med tilhøyrande indikatorar slik:

1. Gudstenestelivet blomstrar
2. Fleire søkjer dåp og trusopplæring
3. Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet
4. Fleire får lyst til å arbeide i kyrkja

Vi viser òg til Møre bispedøme sitt visjonsdokument på siste sida av årsrapport-dokumentet.

## A - Bispedømet sin samla aktivitet i 2018. Samandrag av resultat, måloppnåing og ressursbruk.

I Møre bispedøme er det gjennomført 3866 gudstenester, 1810 dåpshandlingar, 2469 konfirmasjonar, 405 vigsle og 2129 gravferder i 2018. Det er gjennomført i snitt 206 timar med trusopplæring i kyrkjelydane.

Til dette er det nytta 73,5 årsverk i presteteneste i tillegg til kyrkjelydanes eigne personalressursar og 7962 frivillige. I tillegg er det brukt ressursar til kyrkjeleg administrasjon for å understøtte dei kyrkjefaglege, personalfaglege områder for kyrkjelydar og for biskop og bispedømeråd med tilsaman 13,6 årsverk, total kr 74,3 millionar. Det er gitt 18,8 millionar i tilskot til trusopplæring og 9,6 millionar i tilskot til kateket og diakonstillingar i kyrkjelydane.

Vi vil i kapitla framover gå nærare inn i måloppnåinga, men samla gi uttrykk for at vi i høve til gudstenester, gudstenestebesøk, dåp og omfanget av trusopplæring ikkje når målsettingane. For oppslutning om trusopplæringa og konfirmasjon, vigsel, kunst og kultur, grøne kyrkjelydar og misjonsengasjement når vi målsettingane. Møre når også målsettingane for frivillig teneste og rekruttering til vigsla stillingar blir oppretthalden.

# Resultat og måloppnåing etter resultatmål og nøkkelindikatorar

| STRATEGI | RESULTATMÅL | NØKKELINDIKATOR | 2018 | 2017 | ENDRING | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1. GUDSTJENESTELIVET BLOMSTRER | 1.1 Oppslutningen om gudstjenestene øker | Gudstjenestedeltakelse:<br>Antall deltakere søn- og helgedager<br>Antall deltakere totalt | 289 814<br>373 127 | 287 160<br>372 348 | 2654<br>779 | ↑ |
| | 1.2 Gudstjeneste-tilbudet holdes oppe. | Gudstjenestefrekvens | 52 % | 49 % | 3 % | ↑ |
| | 1.3 Flere velger kirkelig vigsel. | Antall vigsler | 405 | 427 | - 22 | ↓ |
| | 1.4. Oppslutningen om kirkelig gravferd holdes oppe | Antall kirkelige gravferder | 2117 | 2129 | - 12 | ↑ |
| | 1.5. Kirken gir rom for ulike kunst- og kultur-uttrykk | Antall konserter og kultur-arrangement i kirkene | 702 | 794 | - 92 | ↓ |
| | 1.6. Flere menigheter inkluderer samisk språk i gudstjenestelivet | Antall menigheter som inkluderer samisk språk i lokal gudstjeneste-ordning | 0 | 0 | 0 | ⟺ |
| 2. FLERE SØKER DÅP OG TROSOPPLÆRING | 2.1 Oppslutningen om dåp øker. | Andel døpte av tilhørende | 86,4 % | 85,60 % | 1,2 % | ↑ |
| | 2.2 Omfanget i tros-opplæringstilbudet øker. | Gjennomsnittlig timetilbud i menighetene. | 206,4 | 245,7 | - 39,2 | ↓ |
| | 2.3 Oppslutningen om trosopplærings-tiltakene øker. | Deltakerandel i utvalgte, landsom-fattende tiltak. | 54 % | 49 % | 5 % | ↑ |
| | 2.4 Oppslutningen om konfirmasjon holdes oppe. | Konfirmerte av døpte 15-åringer. | 92 % | 93 % | - 1 % | ↓ |
| 3. FOLKEKIRKEN ENGASJ. SEG I SAMFUNNET | 3.1 Flere menigheter utvikler plan for diakoni. | Andel menigheter med godkjent plan. | 74 % | 62,5 % | 11,5 % | ↑ |
| | 3.2 Flere menigheter blir Grønn menighet | Antall Grønne menigheter | 15 | 15 | 0 | ⟺ |
| | 3.3 Flere menigheter er engasjert for misjon | Antall menigheter med inngått misjonsavtale | 70 | 73 | -3 | ↓ |
| | 3.4 Kirken blir mer til-gjengelig på Internett | Antall treff på nettsider. | 8173 | 7834 | 339 | ↑ |
| 4. FLERE VIL JOBBE I KRK. | 4.1 Rekrutteringen til vigslede stillinger styrkes. | Antall vigslinger | 4 | 6 | - 29 | ⟺ |
| | 4.2 Flere engasjeres i frivillig tjeneste i kirka | Antall frivillige | 7962 | 7771 | 191 | ↑ |

↑ = oppnådd målsetting ↓ = ikkje oppnådd målsetting ⟺ = uforandret

# Resultat og måloppnåing 2018

## HOVUDMÅL 1: Gudstenestelivet blomstrar

### Resultatmål 1.1: Oppslutninga om gudstenestene aukar

Dei viktigaste sukssessfaktorane:

A) At kristen tru og kristent liv regelmessig blir fremja gjennom gudstenester og kyrkjelege handlingar
B) At kyrkjelydane møter den treeinige Gud gjennom forvalting av Ordet og sakramenta og tener Gud i bøn og vedkjenning, tilbeding og lovsong
C) At born og unge kjenner seg heime

Dei viktigaste tiltaka:

A) Fokus på leiing av presteteneste og gudstenestefokus
B) Samordning av lokale grunnordningar i nærliggande kyrkjer/sokn
C) Innføring av ny dåpsliturgi
D) Stimulere til bruk av nye kommunikasjonskanalar og sosiale media
*E)* Sterkare involvering av medliturgar og betre inkludering og tilrettelegging

Måloppnåing ved nøkkelindikatorar:

**Tabell 3.1 Tal gudstenester og gudstenestedeltaking, søn- og heilagdagar**

| | Gudstenester på søndag og heilagdag | Prosent endring frå året før | Deltakarar | Prosent endring frå året før | Gjennomsnittlig deltaking | Endring frå året før |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Møre 2015 | 3009 | -2,9 % | 311 814 | -5,1 % | 103 | -2 |
| Møre 2016 | 3041 | 1,1% | 307 285 | -1,5 % | 101 | -3 |
| Møre 2017 | 2981 | 2% | 287 160 | -1,1 % | 96,3 | -4,7 |
| Møre 2018 | 3096 | 1% | 289 814 | 0,1 % | 93,6 | -3 |

**Tabell 3.2 Gudstenestedeltaking, alle gudstenester**

| | Gudstenester totalt | Prosent endring frå året før | Deltakarar totalt | Prosent endring frå året før | Gjennomsnittleg deltaking | Endring frå året før |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Møre 2015 | 3668 | -4 % | 387 923 | -4 % | 106 | 0 |
| Møre 2016 | 3765 | 2,6% | 389 333 | 0,1 % | 103 | -3 |
| Møre 2017 | 3766 | 0% | 372 348 | -4,5 % | 98,9 | -4,1 |
| Møre 2018 | 3866 | 2,7% | 373 127 | 0,2% | 96,5 | -2,4 |

Ressursbruk:

Gudstenester er den enkeltfaktor som har største ressursinnsats. Om lag 50% av prestetenesta går med til å førebu og gjennomføre gudstenester. Vi viser elles til oversyn i del II.

Vurdering av måloppnåing:
Talet på gudstenester har for 2018 gått opp etter fleire år med nedgang. Aukinga har i hovudsak vore på søn- og helgedagar. Dette er ei ønska endring etter at det over nokre år har vore fokus på å auke gudstenestetalet utanom søn- og helgedagar. Dette slår ut i auka gudstenestedeltaking totalt.

Det som kjenneteiknar prosti og kyrkjelydar med auke er stabil prestesituasjon og god involvering. Der vi ser nedgang er i område med vakanse- og ressursutfordringar.

Endra arbeidstidsordningar for prestane har blitt innarbeidd. Det har på ei side sett press på talet på gudstenester, men har på andre sida gitt rom for at kvar prest kan gjennomføre fleire gudstenester søn/heilagdag.

Den gjennomsnittlege deltakinga pr. gudsteneste går framleis ned. Det er aktuelt å gå nærare inn i årsaker til dette. Det er grunn til å tru at nedgang kan ha samanheng med den generelle samfunnsutviklinga, men det er og aktuelt å sjå på kyrkjelege tilhøve som medlemsutvikling –inn/utmeldingar og utviklinga i høve til dei kristelege organisasjonane. Vi ser òg ei utvikling der organisasjonar i aukande grad har gudstenesteliknande møte i tradisjonell tid for kyrkjeleg gudsteneste.

Eventuell endring av tiltak:
For tida framover vil tiltaka nemnt over bli ført vidare, men det vil i tillegg bli lagt vekt på at kultur, kyrkjemusikk, diakoni, undervisning og misjon blir ytterlegare inkorporert i gudstenesta. I tillegg at det skjer involvering og tilrettelegging for ulike aldersgrupper – også for ungdom.

### Resultatmål 1.2: Gudstenestetilbodet blir halde oppe

Dei viktigaste suksessfaktorane:
A) God ressursfordeling
B) Gode gudstenesteforordningar
C) God rekruttering
D) Prioritering av gudstenestelivet i kyrkjelydane

Dei viktigaste tiltaka:
A) Sikre formidling av vedtak og oppfølging i høve til organisering
B) Samanheng mellom gudstenestetilbod og ressursar
C) Sikre utlysing av ledige stillingar og sette inn vikarar ved fråvær

Måloppnåing ved nøkkelindikator:

**Tabell 3.2 Gjennomsnittleg gudstenestefrekvens på søn- og helgedagar**

| Prosti | Antall sokn | Tall guds-tenester 2016 | Antall guds-tenester 2017 | Antall guds-tenester 2018 | Guds-teneste-frekvens 2016 | Guds-teneste-frekvens 2017 | Guds-teneste frekvens 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Molde domprosti | 11 | 493 | 476 | 488 | 70,0% | 67,6% | 71,6% |
| Søre Sunnmøre | 19 | 618 | 588 | 559 | 50,8% | 48,4% | 47,5% |
| Austre Sunnmøre | 10 | 311 | 305 | 307 | 48,6% | 47,5% | 49,5% |
| Nordre Sunnmøre | 13 | 605 | 580 | 585 | 67,5% | 69,7% | 72,6% |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Indre Romsdal** | 15 | 248 | 246 | 244 | 25,9% | 25,6% | 26,2% |
| **Ytre Nordmøre** | 13 | 407 | 459 | 554 | 48,9% | 55,2% | 68,7% |
| **Indre Nordmøre** | 15 | 359 | 327 | 359 | 37,4% | 34,1% | 38,6% |
| **Møre totalt** | **96** | **3041** | **2981** | **3096** | **48,9%** | **48,5%** | **52,0%** |

*Gudstenestefrekvensen i Møre var i 2018 på 52%, ei auke frå 2017. Gudstenestefrekvensen er utrekna slik: Tal gudstenester på søn- og helgedager delt på tal søn- og helgedager delt på tal kyrkjelydar. For 2018 var det rekna 62 søn- og helgedagar inkludert julaftan og nyttårsaftan 64 i 2016 og 2017.*

Vurdering av måloppnåing:

Gudstenestefrekensen varierer mellom prostia er stor. Årsaka er i hovudsak variasjonar i storleik på sokn. Mange små sokn totalt fører til låg gudstenestefrekvens, og forskjellen kan tydeleg illustrerast med denne tabellen som bakgrunn:

| Sokn: Tal medlemmer | Tal sokn |
|---|---|
| < 500 | 25 |
| 500 - 1000 | 16 |
| 1000 - 2000 | 26 |
| 2000 - 5000 | 18 |
| 5000 - 10000 | 11 |
| 17929 | 1 |

Møre bispedøme har 96 sokn. Medlemstalet varierer frå 64 medlemmer til 17929 medlemmer i soknet. 26% av alle sokn har under 500 medlemmer, 40% har inntil 1000 medlemmer. 12% har over 5000 medlemmer. Medan Molde domprosti og Nordre Sunnmøre prosti har innslag av store kyrkjelydar og ein gudstenestefrekvens på 67-70%, så har Indre Romsdal prosti, med sine mange kyrkjer, små sokn og få prestestillingar å disponere, ein gudstenestefrekvens på 26%.

Det er presteteneste i alle sokn, men mange sokn i berre delar av ei stilling slik at den enkelte prest gjer teneste i fleire sokn.

Ein høgare gudstenestefrekvens kan skje gjennom å redusere talet på sokn gjennom soknesamanslåing eller å legge opp til at prestane gjer fleire gudstenester på ein sundag.

Møre bispedømeråd tar ikkje aktivt initiativ til å slå saman sokn no. Dette har sin bakgrunn i fleire endringsprosessar som verkar inn både lokalt, regionalt og nasjonalt. Om det frå lokale sokn blir tatt initiativ til samanslåing, så er bispedømerådet ein positiv bidragsytar.

Lokale grunnordningar for ny gudstenesteordning er vedtekne for alle prosti, men vil bli vurdert på nytt som følgje av vedtak i Kyrkjemøtet.

Eventuell endring av tiltak:

Gudstenestefrekvensen i Møre er låg – også i høve til bispedøme det er naturleg å samanlikna seg med.

Bispedømet har mange små sokn, lange avstandar og ein utfordrande geografi. Det er aukande fokus på dei utfordringane låg gudstenestefrekvens skapar. Mange landsdekkande institusjonar har teke grep for mange år tilbake og slått saman, flytta og lagt ned sitt desentraliserte tilbod. I kyrkja er soknegrenser stort sett uendra, og kyrkja er like desentralisert i dag som for 100 år sidan.

Rekrutteringssituasjonen gjer det ved ledighet eller sjukdom er vanskelegare enn før å skaffe gode vikarar. Den økonomiske stoda i bispedømet gir rom for å tenke alternativt. For å kunne auke talet på gudstenester lyt ein utfordre tradisjonar, både i prestetenesta og ikkje minst i kyrkjelydane. Ein kan oppretthalde talet på gudstenester jamvel auke talet, om presten nokre sundagar har fleire gudstenester. Dette er vi i dialog om.

Møre biskop har ved visitasar, i samtale med prostane og med prestane, gitt uttrykk for at det ikkje er ønskjeleg å redusere talet på forordna gudstenester. Om det er økonomiske utfordringar, reduksjon av stillingar, eller manglande tilgang på vikarar, så har biskopen, for å kompensere tap av sundagsgudstenester, utfordra til å auke talet på kvardagsgudstenester. Biskopen har gjennom prostibesøka vist til at ordninga med lekmannsgudstenester er eit godt virkemiddel for å greie å halde oppe gudstenestetilbodet. Ho har også teke til orde for å leggje t.d. institusjonsgudstenester til sundagar og rekne desse mellom dei forordna gudstenestene.

### Resultatmål 1.3: Fleire vel kyrkjeleg vigsel

Dei viktigaste suksessfaktorane:

A) God informasjon om korleis ein bestiller vigsel
B) God kvalitet på vigslar
C) Opne og tilgjengelege kyrkjer

Dei viktigaste tiltaka:

A) Lett synlege nettsider med informasjon
B) Gjere ordning for vigsel utanom kyrkja kjent
C) Fokus på kvalitet i møte med folk og i gjennomføring av vigsel
D) God kommunikasjon mellom prostar og kyrkjeverjer

Måloppnåing ved nøkkelindikator: Tal vigsler

| Møre | Tal eksteskap | Tal kyrkjeleg vigsel | Del kyrkjeleg vigsel |
|---|---|---|---|
| 2017 | 945 | 427 | 45,2% |
| 2018 | 872 | 405 | 46,4% |

Ressursbruk:
Den relative ressursbruken i samband med vigsel er låg i høve til den totale prestetenesta. Det har vore auka bruk av ressursar på leiarnivå for å imøtekomme nye vigselsordningar.

Vurdering av måloppnåing:
Etter mange års uro i denne saka, ikkje minst innanfor kyrkjelege samanhengar i Møre bispedøme, ser vi at det ikkje er grunnlag for å hevde at talet på vigsler går ned. Bispedømet har ikkje hatt vanskar med å skaffe prest til dei som ønskjer likekjønna vigsle eller som ønskjer å vie seg etter den nye ordninga.

Ordninga som opnar for vigsle på andre stadar enn i kyrkje bidrar til auka merksemd. Positiv merksemd på kyrkjeleg vigsle kan gi gode synergiar og føre til større oppslutnad på fleire område.

Eventuell endring av tiltak:

Dei viktigaste tiltaka blir vidareført

**Resultatmål 1.4 Oppslutninga om kyrkjelege gravferder blir halde oppe**

Dei viktigaste suksessfaktorane:

A) God informasjon
B) Balanse mellom kvalitet i møte med ønsker/krav om personelg tilpassing
C) God kvalitet på gjennomføring av gravferd
D) Kyrkja gode og ryddige i møte med alternative tilbod

Dei viktigaste tiltaka:

A) Halde fast på ordningar som er forankra i arbeidsplaner
B) Vurdere behov for endringar i høve til tenesteveke-omgrepet
C) Fokus på kvalitet i møte med folk
D) Godt samarbeid med gravferdsbyrå og andre aktørar

Måloppnåing ved nøkkelindikator:

Tabell 3.4 Tal gravferder

| | Tal døde i befolkninga | Tal kyrkjeleg gravferd | Del kyrkjeleg gravferd |
|---|---|---|---|
| 2017 | 2 248 | 2 117 | 94,2% |
| 2018 | 2 243 | 2 129 | 94,9% |

Ressursbruk:

Utanom gudsteneste er gravferd den delen av prestetenesta som tar mest ressursar.

Vurdering av måloppnåing:

Tradisjonelt er det høg oppslutning om kyrkjeleg gravferd. Vi vurderer at dei tiltaka vi gjer som kyrkje langt på veg kjem behova i møte. Tala for kor mange kyrkjelege medlemmer som døydde i 2018 er for usikre. Vi har likevel grunn til å tru at fleire enn dei som er medlemmer vel kyrkjeleg gravferd.

Vi er merksame på signal om at forankring i kyrkja si gravferdsordning blir svekka. Vi ser at gravferdsbyråa i aukande grad er på tilbodsida med eigne tilpassa gravferdstilbod og vi kan registrere ønsket om sterkare individuelt særpreg på gravferda.

Eventuell endring av tiltak:

Halde fokus på tiltaka som blir gjort no, men ikkje ta den høge oppslutninga som ei sjølvfølge.

**Resultatmål 1.5 Kyrkja gir rom for ulike kunst og kulturuttrykk**

Dei viktigaste suksessfaktorane:

A) At det blir gitt rom for det skapande mennesket i kyrkjene
B) God kunnskap og forståing av at det er viktig å nytte eit mangfald av språk og uttrykk
C) Salmeskatten og trus- og kulturarven blir forvalta og fornya
D) Kyrkjene vert nytte til konsertar og andre kulturarrangement
E) Kyrkjene og deira omgjevnader blir løfta fram i eit kulturvernperspektiv som viktige lokale kulturskattar og samlingspunkt

Dei viktigaste tiltaka:

A) Invitere til samarbeid og felles prosjekt mellom kyrkja og kulturlivet elles
B) Vidareutvikle nettverk med profesjonelle kunstnarar og kulturinstitusjonar
C) Løfte kultur som tema i trusopplæringa
D) Gjennomføre fagsamlingar for kyrkjemusikarar
E) Utvikle rammene for Kystpilegrimsleia
F) Arbeide med rådgjeving og finansiering av kulturproduksjonar i kyrkjelydane

Måloppnåing ved nøkkelindikatorar; talet på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene

Tabell **3.3.5.1 Konsertar og andre kulturarrangement**

| | Konsertar | | | | | Andre kulturarrangement | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | I regi av kyrkjelyden | | I regi av andre | | | I regi av kyrkjelyden | | I regi av andre | |
| | Tal | Del-takarar | Tal | Del-takarar | | Tal | Del-takarar | Tal | Del-takarar |
| Møre 2017 | 394 | 48 490 | 266 | 49 305 | | 84 | 6 824 | 36 | 2 904 |
| Møre 2018 | 344 | 42 115 | 261 | 49 978 | | 77 | 5 548 | 20 | 1 744 |

Tabell **3.3.5.2 Konsertar og andre kulturarrangement – deltakarar og endring i prosent**

| | **Totalt tal konsertar og kulturarrangement** | | **Deltakarar konsertar og kulturarrangement** | | **Prosent endring 2017-2018** | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2017 | 2018 | 2017 | 2018 | - i tal konsertar/ kulturarr. | - i tal deltakarar |
| Møre | 794 | 702 | 110 256 | 99 385 | -12 % | -10 % |
| Totalsum | 12 655 | 13 008 | 1 731 901 | 1 783 308 | -3 % | -3 % |

Ressursbruk:

Frå bispedømerådet blir det i hovudsak brukt éi stilling som rådgjevar.

Vurdering av måloppnåing:

Nedgangen i konsertar og kulturarrangement frå 2017 kjem i hovudsak frå nedgang i arrangement i regi av kyrkjelydane. Konsertar i regi av andre blir oppretthalde. Vi ser dette i samanheng med at 2017 var eit særskilt år med gjennomføring av Reformasjonsåret og at det i Møre bispedøme vart lagt særleg vekt på å gjennomføre konsertar med kor, kyrkjemusikk og salmar. Vi meiner at Kyrkje og Kultur står sterkt i Møre bispedøme. Kyrkja i Møre har gjennom året samarbeida med mange miljø i det allmenne samfunns- og kulturlivet i bispedømet, m.a dei ulike kommunane, kulturskulane, Møre og Romsdal fylkeskommune, Bjørnsonfestivalen, Molde internasjonale jazzfestival, Romsdalsmuseet, Høgskulen i Volda, Kulturhuset Plassen i Molde, ulike historiske spel og festivalar. Offisiell opning av Kystpilegrimsleia har vore ein viktig milepæl i pilegrimsarbeidet i Møre.

Eventuell endring av tiltak:

I det vidare arbeidet blir det å vidareføre eksisterande arbeid, men i samanheng med Bokåret 2019 fokusere på Bibelen og markering av jubileum for første nynorske salmebok

**Resultatmål 1.6 Fleire kyrkjelydar inkluderer samisk språk i gudstenestelivet**

Dei viktigaste sukssessfaktorane:

A) *At samisk språk blir tatt i bruk*

Dei viktigaste tiltaka:

A) *At kyrkjelydar blir merksame på samisktalande i sitt nærområde*
B) *At kyrkjelydar inkluderer samisk språk og kultur*
C) *At sentrale kyrkjelege aktørar går framom med gode døme*

Måloppnåing vist ved resultatindikatorar

| *Bispedømme* | Tal sokn som har hatt gudstenester med samisk innslag | Tal gudstenester med samisk innslag | Tal sokn som har innarbeida samisk språk i ordning for gudstenesta | Tal sokn som har innarbeida samisk språk i lokal trusopplæringsplan | Tal sokn |
|---|---|---|---|---|---|
| *Møre* | 1 | 1 | 0 | 0 | 96 |
| *Nasjonalt* | 174 | 3 304 | 120 | 61 | 1 197 |

Vurdering av måloppnåing:

*Møre bispedøme når ikkje målsettingane. Dette er dels fordi det samiske har lita utbreiing i Møre og Romsdal, dels fordi det er lite merksemd i høve til enkeltmenneske med samisk bakgrunn. Nasjonalt er det i hovudsak dei tre nordlegaste bispedøma som komer til uttrykk i statistikken. At andre bispedømer i liten grad oppnår målsettingane skal ikkje vere ei sovepute for Møre.* Det er i 2018 gjennomført samling for trusopplærarar der ein presenterte samisk trusopplæringsmateriell.

Eventuell endring av tiltak:

Ha fokus på samisk språk og kultur i faglege samlingar som grunnlag for å innarbeide lokalt eller i prostiet.

## HOVUDMÅL 2: Fleire søkjer dåp og trusopplæring

### Resultatmål 2.1 Oppslutninga om dåp aukar

Dei viktigaste suksessfaktorane:

A) At foreldra vel dåp for borna sine
B) Foreldra veit kva dåpen er og betyr
C) At kyrkjelydar brukar metodar for å auke oppslutninga
D) Kvalitet og kvantitet i lokal trusopplæringa
E) Medarbeidarar med kompetanse

Dei viktigaste tiltaka:

A) «Prosjekt dåp» - som del av dåpssatsinga i Møre bispedøme
   i) Motivere tilsette og kyrkjelydar til å fokusere på dåp og arbeide for fleire arenaer for dåp
   ii) Fokus på dåp, truspraksis og kommunikasjon i heim og kyrkje
   iii) Utvikle verktøykasse til bruk for kyrkjelydane

iv) Arbeide for eit godt fagmiljø blant medarbeidarar
v) Engasjere frivillige og styrke faglege nettverk

B) Fokus på dåp i stiftsdagar, fagsamlingar og visitasar

Måloppnåing ved nøkkelindikatorar: Del døypte av tilhøyrande

| | 0 år | 1 år | 2 år | 3 år | 4 år | 5 år | 6 år | 7 år | 8 år | 9 år | 10 år |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| *MØRE* | 66,2 % | 86,4 % | 86,0 % | 87,7 % | 89,6 % | 89,2 % | 89,0 % | 90,6 % | 92,5 % | 94,1 % | 91,8 % |
| *Alle* | 55,6 % | 75,4 % | 77,1 % | 77,9 % | 78,7 % | 79,9 % | 80,2 % | 80,7 % | 82,3 % | 86,4 % | 83,6 % |

Delen døypte er rekna ut slik: Talet medlemmar/summen av medlemmar og tilhøyrande. Aldersgruppene er sette saman av barn fødde i løpet av eit kalenderår. Dette betyr at 0-åringar er fødde mellom 01.01.2018 og 31.12.2018, og i mange tilfelle ikkje vil bli døypte før i 2019. Delen 1-åringar som er døypte er derfor ein betre indikator på kor mange medlemmar som døyper barna sine. Saman med reelle endringar i delen medlemmar som døyper barna sine, er det også grunn til å tru at dåp av barn som er eldre enn eitt år, forseinkingar i registrering av dåp samt sletting av status for tilhøyrsle, kan bidra til at delen døypte er høgare for eldre aldersgrupper.

*For barn i alderen 9 år, er delen døypte for høg grunna ein feil knytt til status for tilhøyrsle i 2009. Feilen fører med seg at det er for få tilhøyrande i aldersgruppa, og medlemsdelen gir dermed ikkje eit rett bilde av kor stor del barn av

Ressursbruk:
Dåp er viktig del som involverer fleire faggrupper enn presten. Den totale ressursbruken er difor usikker.

Vurdering av måloppnåing:
Utviklinga i talet på døypte ser slik ut

| *Møre* | Døypte | Dåpshandlingar | Døypte i eige bostadssokn | Døypt i anna bostadssokn |
|---|---|---|---|---|
| *2016* | 1 892 | 2 069 | 1 330 | 739 |
| *2017* | 1 925 | 2 086 | 1 347 | 739 |
| *2018* | 1 687 | 1 810 | 1 142 | 668 |

«Døypte» viser til antal med adresse i Møre som vart døypt i dei respektive åra – uavhengig av bustadsadresse i Noreg. «Dåpshandlingar» viser til kor mange dåp som er gjennomført i Møre – uavhengig av bustadsadresse.

| *Møre* | Fødde | Døypte | Dåpsdel av fødde | Dåpsdel av fødde medl. | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | 1 år 2018 | 1 år 2017 | 1 år 2016 | 1 år 2015 | 1 år 2014 |
| *2016* | 2727 | 1 892 | 69,3% | | | | | |
| *2017* | 2705 | 1 925 | 71,2% | | | | | |
| *2018* | 2657 | 1 687 | 63,5% | 86,4% | 85,6% | 87% | 88% | 85% |

Fødselstalet går ned. Dåpsandelen for dei som blir fødde går og ned og er i 2018 på 63,5%. Dåpsdelen for fødde medlemer er auka til 86,4%. Var 2017 eit botnår?

Vi ser nærare på dåpsutviklinga på prosti- og soknenivå:

**Tabell dåpsdelar prostinivå**

| Prosti | MT 2018 | M 2018 | dåpsdel 2018 | 2017.MT 2017 | 2017.M 2017 | dåpsdel 2017 | 2016.MT 2016 | 2016.M 2016 | Dåpsdel 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| MOLDE DOMPROSTI | 298 | 247 | 82,9 % | 353 | 291 | 82,4 % | 347 | 291 | 83,9 % |
| SØRE SUNNMØRE | 406 | 372 | 91,6 % | 369 | 329 | 89,2 % | 388 | 352 | 90,7 % |
| AUSTRE SUNNMØRE | 141 | 121 | 85,8 % | 158 | 144 | 91,1 % | 171 | 152 | 88,9 % |
| NORDRE SUNNMØRE | 680 | 572 | 84,1 % | 681 | 567 | 83,3 % | 658 | 564 | 85,7 % |
| INDRE ROMSDAL | 143 | 125 | 87,4 % | 145 | 125 | 86,2 % | 141 | 124 | 87,9 % |
| YTRE NORDMØRE | 264 | 225 | 85,2 % | 271 | 232 | 85,6 % | 273 | 236 | 86,4 % |
| INDRE NORDMØRE | 188 | 169 | 89,9 % | 170 | 151 | 88,8 % | 180 | 154 | 85,6 % |

Dåpsdelane har frå 2017 til 2018 gått opp i alle prosti med unntak av Austre Sunnmøre. Dette er ei endring frå 2016 til 2017, då 5 av dei 7 prostia hadde nedgang i dåpsdelen. Vi er spørjande til om dette har samanheng med innføringstakta av trusopplæringsreforma, der Austre Sunnmøre var det siste prostiet med innføringsfasen.

50 av 96 sokn i Møre har i 2018 dåpsdel på meir enn 90%. Av desse har 33 sokn dåpsdel på 100%. Dei fleste av desse kyrkjelydane ligger utanfor byar og tettstader, men det er også døme på større kyrkjelydar med over 90% dåpsdel.

Vi ønskjer å sjå på om det er ein samanheng mellom talet på gudstenester, gudstenester med dåp og tal dåp (gir auka tilbod auka etterspurnad, eller har folk som ønskjer dåp vanskar med å få tilbod om dåp? Vi har sett opp denne tabellen:

| Prosti | Gudst. s/h | Tal dåpsguds-tenester | Tal dåps-handlingar | Tal dåps-handlingar pr dåps-gudsteneste | Prosent tal dåpsguds tenester | dåpsdel 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Molde domprosti | 488 | 136 | 224 | 1,6 | 27,9 | 82,9 % |
| Søre Sunnmøre | 559 | 213 | 330 | 1,6 | 40 | 91,6 % |
| Austre Sunnmøre | 307 | 100 | 113 | 1,1 | 32,6 | 85,8 % |
| Nordre Sunnmøre | 585 | 258 | 549 | 2,1 | 44,1 | 84,1 % |
| Indre Romsdal | 244 | 75 | 123 | 1,6 | 30,7 | 87,4 % |
| Ytre Nordmøre | 499 | 136 | 206 | 1,5 | 27,6 | 85,2 % |
| Indre Nordmøre | 359 | 126 | 142 | 1,1 | 35,1 | 89,9 % |
| Sum | 3041 | 1044 | 1687 | 1,6 | 34,3 | 86,4 |

Vi kan ikkje sjå at det er ein samanheng mellom talet på gudstenester og dåpsprosent. Det er særleg i sokn med låg gudstenestefrekvens at det er fare for at ein ikkje får høve til dåp. Vi ser likevel at det for dei fleste av desse mindre sokna er 100% dåpsdel. Vi har ikkje hatt høve til å vurdere om dåp i nokre av desse tilfella har skjedd utanfor soknet eller utanfor Møre bispedøme.

Vi meiner aukinga i dåpsdel er resultat av dåpssatsinga i Møre bispedøme. Det er utvikla eit eige dåpshefte med forslag til konkrete tiltak. Det har og våre høgare fokus gjennom prostidagar, stiftsdagar og faglege samlingar for trosopplæring og i kontaktmøter med kyrkjelydar. Vi ser og at det i nokre prosti er gjennomført dåpskampanjer. Auken i Søre Sunnmøre kan vere eit resultat av dette.

For enkelte sokn ser vi ein nedgang i talet på dåp. For desse ser vi ein samanheng mellom nedgang i talet på dåp og etablering av nye kyrkjelydsliknande fellesskap som praktiserer dåp og konfirmasjon. Dette gjelder særleg Molde domprosti og Nordre Sunnmøre prosti.

Eventuell endring av tiltak:
Vi vil vidareføre det som er utvikla gjennom «Prosjekt Dåp». Vi vil fortsatt bruke det utvikla dåpsheftet og understøtte lokale tiltak og dåpskampanjar. I tillegg i større grad bruke ulike media for omtale og kronikkar/artiklar.

Fortsatt fokus på at dåp er en integrert del av trusopplæringa. Vi ønskjer å sjå nærare på om det er ein samanheng mellom trusopplæringstiltak generelt og oppslutning om dåp. Vi må også vere merksame på eventuelle negative konsekvensar av at kyrkja ikkje lenger får melding om fødsel.

### Resultatmål 2.2 Omfanget i trusopplæringstilbodet aukar

Dei viktigaste suksessfaktorane:

A) Aktiv bruk av trusopplæringsplanane

Dei viktigaste tiltaka:

A) Konkretiserte realistiske tiltaksbeskrivingar
B) Opplæring og oppfølging av frivillige og føresette
C) God kunnskap om nettressursar
D) Vidareutvikle trusopplæringsplanane

Måloppnåing ved resultatindikatorar: Gjennomsnittleg timetilbod i kyrkjelydane

| | Planlagde timar, i aktiv plan | | Gjennomførte timar | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Totalt antall | Gj. snitt | Totalt antall | Gj. snitt | 2017 | 2016 | 2015 | Differanse 2017 -> 2018 | Differanse 2016 -> 2017 | Differanse 2015 -> 2016 |
| *Møre 2017* | 32947 | 339,7 | 23829 | 245,7 | | | | | | |
| *Møre 2018* | 28486 | 296,3 | 19857 | 206,4 | 245,7 | 329,6 | 189,9 | -39,2 | -83,9 | 121,0 |
| *SAMLET 2018* | 428845 | 362,5 | 339026 | 286,6 | 291,1 | 328,3 | 200,1 | -4,5 | -37,2 | 128,2 |

Ressursbruk:
Møre bispedøme har èin tilsett undervisningsrådgjevar. I tillegg blir det gitt tilskot til alle kyrkjelydar i samband med trusopplæring, jfr Del 6.

Vurdering av måloppnåing:
Alle sokn i Møre har godkjente trusopplæringsplanar. Dette er ein føresetnad for trusopplæringstilbodet. Reduksjonen i planlagde timar og gjennomførte timar kan gi grunn til uro. Det er god kontakt mellom bispedømenivå og lokale kyrkjelydar. Det viser til god kvalitet på trusopplæringsarbeidet og barna/dei unge har eit rikt, godt og realistisk tilbod tilgjengeleg. Dette mellom anna fordi dei tilsette gjennom erfaring har funne kva som fungerer godt og mindre godt. Fleire arbeider også i aukande grad didaktisk og pedagogisk målretta og planmessig. Det er gode kontrollrutinar for bruk av midlar

Eventuell endring av tiltak
I åra som kjem vil det vere behov for eit omfattande planutviklingsarbeid. Håpet er at dette vil stimulere til stabilitet i trusopplæringstilbodet, auka tverrfagleg samarbeid, samarbeid på tvers av soknegrenser og eit auka samarbeid med organisasjonane og dei frivillige rundt trusopplæringstilbodet

### Resultatmål 2.3 Oppslutninga om trusopplæringstilboda aukar

Dei viktigaste suksessfaktorane:

A) *Kvalitet og kvantitet i lokal trusopplæring*

Dei viktigaste tiltaka:

A) Gode fagmiljø og leggje til rette for kurs og etterutdannning
B) Oppmuntre til samarbeid på tvers av kyrkjelydar
C) Utnytte dei tilbod som barne- og ungdomsorganisasjonane tilbyr
D) God rettleiing og rådgjeving

Resultatmål ved resultatmål: Deltakardel i utvalde, landsomfattande tiltak

| Møre | 2018 | | | 2017 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Døypte i målgruppa | Deltakar | Prosent | Døypte i målgruppa | Deltakar | Prosent |
| Dåps-samt. | 1651 | 1653 | 100% | 1899 | 1828 | 96% |
| 4-års bok | 2064 | 1106 | 54% | 2122 | 1233 | 58% |
| Breidde-tiltak retta mot 6 år | 2337 | 858 | 37% | 2705 | 995 | 37% |
| Tårn-agent-helg | 2265 | 726 | 32% | 2307 | 806 | 35% |
| Lys Vaken | 2234 | 679 | 30% | 2369 | 832 | 35% |
| Konfir-masjon | 2619 | 2370 | 90% | 2671 | 2597 | 97% |
| Etter Konfir-masjon | 827 | 211 | 26% | 3628 | 303 | 8% |
| TOTALT | 13997 | 7603 | 54% | 17701 | 8594 | 49% |

*Tabellen viser snitt deltaking ved utvalde trusopplæringstilbod og del deltakarar av målgruppa*

Ressursbruk:
Møre bispedøme har èin tilsett undervisningsrådgjevar. I tillegg blir det gitt tilskot til alle kyrkjelydar i samband med trusopplæring, jfr Del 6.

Vurdering av måloppnåing:
Dei rapporterte tala syner at kyrkjelydane i Møre har ein oppslutningsprosent om i utvalde landsomfattande tiltak. Den største endringa i oppslutning ser vi etter konfirmasjon med ei auke frå 8% i 2017 til 26% i 2018. Undervisningsrådgjevar har årlege dialogmøter med oppfølging av trusopplæringsplanen. Desse er frå 2018 utvida til å omfatte heile staben.
Vi må våge å spørje om undervisninga som blir gitt er god nok. Erfarer barna/dei unge kva tru er og er dei i sanning inkludert, eller er undervisninga vaksen- og tradisjonsstyrt. Barn lærer på ein annan måte no enn tidlegare.

Eventuell endring av tiltak
Eit tankekross og ei utfordring ligg også i strukturane våre. Ofte er det ikkje er dei same som har konfirmantundervisninga som dei som driv det meir tradisjonelle trusopplæringsarbeidet. Ungdom er i større grad enn mindre born «flokkdyr». Ei heilskapstenking kring mellom anna nettverksbygging og relasjonsbygging opp imot ungdom som gruppe, sett i lys av kyrkjelydane sin ressurssituasjon, vil vere viktige grep her.

Ei stor utfordring som påverkar omfanget i trusopplæringstilbodet er dei mange små stillingsbrøkane dei som er tilsette som kyrkjelydsarbeidar, kyrkjelydspedagog eller kateket har.

Det blir no arbeidd for å etablere etterutdanning for kyrkjelydspedagogar i samarbeid med høgskulane i fylket.

### Resultatmål 2.4: Oppslutning om konfirmasjon blir haldt oppe

Dei viktigaste suksessfaktorane:

A) *At konfirmasjonsundervisninga er relevant for konfirmantane*
B) *Kommunikasjon og formidling av tilbod som gir lyst til å vere konfirmant*

Dei viktigaste tiltaka:

A) *Konfirmantarbeid som tema på fagsamlingar. Fokus på pedagogiske tilnærmingar.*
B) *Utvikle Konfirmanthefte for alle 14 åringar som ledd i nasjonal satsing*
C) *Stimulere til utarbeiding og bruk av lokalt forankra informasjonsmateriell*
D) *Kunnskap om og tilgang til nettressursar*
E) *Krav til at kyrkjelydar med katet i stilling som får tilskot har utarbeida undervisningsplan*

Måloppnåing ved resultatindikator: Konfirmerte av døypte 15-åringar

| | 2018 | | | 2017 | | | 2016 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Medlem mer | Konfir merte | Prosent | Medlem mer | Konfir merte | Prosent | Medlem mer | Konfir merte | Prosent |
| ***Møre*** | 2 697 | 2 469 | 91,5 % | 2 667 | 2 484 | 93,1 % | 2 844 | 2 670 | 93,9 % |

Ressursbruk:
Det blir gitt tilskot til 10 kateketstillingar (jf. Del 6) som i delar av si teneste arbeider med konfirmantar heilt eller delvis saman med prest. Prestar som gjer teneste i sokn utan kateket gjer konfirmantundervisning evt. i samarbeid med kyrkjelydspedagog. I tillegg deltar ofte andre lokalkyrkjelege medarbeidarar og frivillige inn i konfirmantopplegget. Undervisningsrådgjevar gir råd og vegleiing. Den totale ressursbruken er det ikkje rekna på.

Vurdering av måloppnåing:
Konfirmasjon har tradisjonelt stått sterkt i Møre bispedøme. Tabellen viser nedgang i talet på konfirmerte på 1,6%-poeng frå 2017 til 2018. Målsettinga er ikkje nådd. Av bakgrunnstall ser vi at nedgangen hovudsakleg skjer i to prosti – Molde domprosti og Nordre Sunnmøre prosti. Vi antar at det har si årsak i at det i desse områda er alternative tilbod, både frå Humanetisk forbund og frå fleire kristne organisasjonar.

Eventuelt endring av tiltak
Bidra til auka fokus på sunt og rekrutterande ungdomsarbeid ved å oppmuntre kyrkjelydane til å involvere ungdom. Bispedømet må sikre god dialog med dei kristne organisasjonane som driv med ungdomsarbeid i lokalområdet og vere open for samarbeid.

## HOVUDMÅL 3: Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet

### Resultatmål 3.1 Fleire kyrkjelydar utviklar plan for diakoni

Dei viktigaste suksessfaktorane:
A) Kunnskap om utarbeiding av lokale planar
B) Skape møteplassar til fellesskap og omsorg
C) Gode planar for handsaming av kriser og katastrofar

Dei viktigaste tiltaka:
A) God kontakt med kyrkjelydar
B) Krav til plan for dei kyrkjelydar som får tilskot til diakon
C) Kunnskap om og tilgang til nettressursar knytt til diakoni
D) Gi rettleiing til kyrkjelydar som ikkje har diakon
E) Fokus på handsaming av kriser og katastrofar. Oppdatert beredskaps- og kriseplanverk

Måloppnåing vist ved resultatindikator: Del kyrkjelydar med godkjent plan

| | 2017 | | 2018 | |
|---|---|---|---|---|
| Møre | Tal planar | Del % | Tal planar | Del % |
| | 60 | 62,5% | 71 | 74% |

Ressursbruk:
Møre bispedømeråd gir tilskot til inntil 50% av 15 diakonstillingar. I tillegg er det tilsett diakonirådgjevar i 30% på bispedømekontoret.

Vurdering av måloppnåing:
Målet er nådd. Talet på kyrkjelydar med diakoniplan er høgt, og er no på 74%, ein auke frå 62,5%. Vi ser at det for sokn med få medlemar er vanskeleg å utvikle lokal diakoniplan.
53 av 96 kyrkjelydar har diakonal betjening. Talet er uendra sidan 2017.

Eventuell endring av tiltak
Det kan bli vurdert å oppmode til utviding av det geografiske tenesteområdet til den einskilde diakon der dei gjer teneste i ein avgrensa del av fellesrådsområdet. Vidare bør vi vurdere å arbeide for å utvikle heilskapelege planar for kyrkjelydsarbeidet der diakoni er ein integrert del.

**Resultatmål 3.2 Fleire kyrkjelydar blir grøn kyrkjelyd**

Dei viktigaste suksessfaktorane:

A) Kunnskap og engasjement frå dei tilsette på bispedømekontoret
B) Evne til å spreie kunnskap og vegleie kyrkjelydar

Dei viktigaste tiltaka:

A) Gjere kunnskap og krav til grøn kyrkjelyd tilgjengeleg
B) Gjere det attraktivt å verte/vere grøn kyrkjelyd
*C)* Auka bevisstgjering av kyrkjelydar på vårt globale ansvar

Måloppnåing ved nøkkelindikator – Tal Grøne kyrkjelydar:
Målet er ikkje nådd: I Møre er 15 av 96 kyrkjelydar Grøne. Ingen endring frå 2017.

Ressursbruk:
Få økonomiske ressursar er sett inn for dette feltet, men det er etablert eigen ressursgruppe. Det er og engasjert frivillig medarbeidar med fokus på «Skaparverk og berekraft».

Vurdering av måloppnåing:
Del kyrkjelydar som er Grøne er 15,6% og lågast del av alle bispedøme. Dette samsvarar dårleg med det klimaengasjementet som generelt blir vist lokalt og at biskopen er bidragsytar inn i internasjonale klimaforhandlingar. Vi vonar prosjektet «Energiøkonomisering i kyrkjebygg» kan bidra til auka fokus på også å bli Grøn kyrkjelyd.

Eventuell endring av tiltak
Bispedømet helsar velkommen kyrkjerådet si samordning av dei ulike «sertifikat-ordningane» på dette feltet! Vi vil og rekruttere nye medarbeidarar til prosjektgruppa.

**Resultatmål 3.3 Fleire kyrkjelydar er engasjerte for misjon**

Dei viktigaste suksessfaktorane:

A) At kyrkjelydane har misjonsavtale gjennom SMM-samarbeidet
B) Misjonsavtale integrert ressurs i trusopplæring, gudsteneste og i kyrkjelyden
C) At kyrkjelydane er oppdatert på kyrkja si misjonsforståing og tar del i kyrkja sitt globale oppdrag

Dei viktigaste tiltaka:

A) Oppretthalde og auke talet på sokn med misjonsavtale
B) Auke kompetanse om integrering av misjon i kyrkjeliv og trusopplæring
C) Støtte misjonsorganisasjonane i oppdatering og fornying av avtaler med kyrkjelydar

Måloppnåing ved nøkkelindikator: Tal kyrkjelydar med inngått misjonsavtale

| *Bispedømme* | Oppslutning | Menigheter med misjonsavtaler (SSB) 2017 | Menigheter med misjonsavtaler (SSB) 2018 |
|---|---|---|---|
| *Møre* | 73 % | 73 | 70 |
| *Nasjonalt* | 77 % | 926 | **919** |

Ressursbruk:
Møre bispedømeråd har tilsett 75% misjonsrådgjevar. Misjonsorganisasjonane i SMM finanserer 50% av stillinga, Møre bispedømeråd 50%.

Vurdering av måloppnåing:
Målet er ikkje nådd ved at tre færre kyrkjelydar har misjonsavtale. Fordelinga mellom dei ulike organisasjonane ser slik ut:

| *Bispedømme* | Himal-partner | Misjons-alliansen | NMS | Israel-misjon | Areopagos | Stefanus | Normisjon | Avtaler i SMM |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| *Møre* | 13 | 5 | 47 | 2 | 0 | 1 | 6 | 74 |

## Resultatmål 3.4 Kyrkja blir meir tilgjengeleg på internett

Dei viktigaste suksessfaktorane:

A) *Relevante heimesider*
B) *Kapasitet til å styre og utvikle heimesider*
C) *Relevante og aktuelle sosiale medium*
D) *Oppdaterte intranett-sider (Kirkebakken)*

Dei viktigaste tiltaka:

A) *Utvikling av heimsidene gjennom oppdatering av fagområde og informasjon*
B) *Teneleg teknisk medieutstyr*
C) *Fleire kyrkjelydar tek i bruk Kirkebakken*

Måloppnåing ved nøkkelindikator: Tall treff på nettsider
Tal treff på heimesidene er auka frå 7834 i 2017 til 8173 i 2018.

Ressursbruk:
Det er tilsett kommunikasjonsrådgjevar i om lag 50%.

Vurdering av måloppnåing:
Målsettinga er nådd. Det er eit potensiale for auka besøk på nettsidene, men for å oppnå dette er det eit vilkår at sidene blir endå meir aktuelle og endå hyppigare oppdaterte. Dette fordrar auka merksemd og auka ressursbruk på området. Bispedømet si Facebook-side har pr. desember 2018 222 følgjarar. Vi er ikkje nøgde med dette talet, og meiner denne kanalen har eit stort potensiale for fleire følgjarar. Eit samvirke mellom nettsider og sosiale medium, slik som Facebook, kan ha synergieffekt.

## Hovudmål 4: Fleire vil jobbe i kyrkja

### Resultatmål 4.1 Rekruttering til vigsla stillingar blir styrka

Dei viktigaste suksessfaktorane:

A) Kall til teneste
B) At kyrkjeleg teneste står fram som viktig og attraktiv
C) At tenesta står fram som godt forankra i den enkelte og i arbeidsfellesskap
D) Motivasjon og arbeidsglede
E) Involvering

Dei viktigaste tiltaka:

A) Rekruttering til utdanning og
rekruttering og utvikling til stillingar gjennom heile livsløpet
B) Gode rammer for introduksjon og oppfølging
C) Arbeide for betre samhandling/teamarbeid og felles avtaleverk
D) Fokus på arbeidsmiljø, kjønnsbalanse, alderssamansetting, rolleforståing og vegleiing
E) Medråderett i prosessar

Måloppnåing ved resultatmål: Tal vigslingar

I 2018 vart det gjennomført 4 vigslingar til kyrkjeleg teneste. Av desse var 3 prestar og 1 kateket. I 2017 vart det gjennomført 6 vigslingar til kyrkjeleg teneste. Av desse var 4 prestar, 1 diakon og 1 kateket. I 2016 vart det gjennomført 6 vigslingar der 2 vart vigsla til presteteneste i tillegg til 3 diakonar og 1 kateket.

Vurdering av måloppnåing: vedr prestetenesta

Som ledd i vurdering av måloppnåinga vil vi sjå dette i lys av årsverk, stillingskategoriar, aldersfordeling, arbeidsbelastning og rekruttering:

Totalt tal årsverk i Møre bispedøme:

| | Totalt | Prester inkl biskop | Andel i prosent | Admini strasjon | Andel i prosent | Andre | Andel i prosent |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Møre 01.01.2018 | 91,4 | 77,65 | 84,96 | 13,75 | 15,04 | 0 | 0,00 |
| Møre 31.12.2018 | 87,1 | 73,45 | 84,33 | 13,65 | 15,67 | 0 | 0,00 |
| Diff | -4,3 | -4,2 | | -0,1 | | 0 | 0,00 |

Nedgangen i talet på årsverk er dels reduksjon i talet på stillingar, dels vakanseutfordringar

Årsverka er fordelt slik:

| | Biskop | Kapellan | prost | Prosti-prest | Senior-prest | Sokne-prest | Spesial-prest | Total-sum |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| *MØRE* | 1,0 | 8,0 | 6,0 | | 2,8 | 50,4 | 1,4 | 69,6 |

Dei fleste prestar er sokneprestar. Dette har si årsak i mange sokn der presten har sete i sokneråd. Dette er også bakgrunnen for at Møre ikkje har prostiprestar i fast stilling. Det er 8 kapellanar som alle er knytt til dei store kyrkjelydane med fleire prestar. Ordninga med seniorprestar er knytt til at nokre får spesialisert teneste i siste del av yrkeslivet. Dette er ofte ein prostiprest-liknande teneste eller for å

dekke opp i vakante stillingar i ein periode. Dette har vist seg å vere ei tenleg løysing.

### Aldersfordeling i presteskapet frå 2014 - 2018

| | Under 40 år | | 40 - 49 år | | 50 -59 år | | Over 60 år | | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Ant. | Pst. | Ant. | Pst. | Ant. | Pst. | Ant. | Pst. | Ant. |
| Møre 2014 | 19 | 26 % | 11 | 15 % | 20 | 28 % | 22 | 31 % | 72 |
| Møre 2015 | 17 | 24 % | 10 | 14 % | 21 | 30 % | 22 | 31 % | 70 |
| Møre 2016 | 21 | 29 % | 12 | 16 % | 16 | 22 % | 24 | 33% | 73 |
| Møre 2017 | 23 | 32 % | 13 | 18 % | 14 | 19 % | 22 | 31 % | 72 |
| **Møre 2018** | **20** | **29 %** | **16** | **23 %** | **14** | **20 %** | **19** | **28 %** | **69** |
| Nasjonalt 2018 | 199 | 16 % | 296 | 24 % | 357 | 29 % | 371 | 30 % | 1223 |

Dei siste åra har Møre bispedøme rekruttere fleire unge prestar. Etter dette har Møre blitt det bispedømmet i landet som i prosent har flest prestar under 40 år. Gruppa under 40 år større enn gruppa over 60 år. Totalt sett har Møre bispedøme ei svært god aldersspreiing i presteskapet. Vi trur dette i seg sjølv er rekrutterande.

### Tal kyrkjemedlemmar per faste presteårsverk

| | Medlemmer og tilhørige | Medlemmer | Preste-årsverk | Medlemmer per presteårsverk | Medlemmer og tilhørige per presteårsverk |
|---|---|---|---|---|---|
| *MØRE 2018* | 211 786 | 207 967 | *73,45* | 2 831 | 2 883 |

### Kyrkjelege handlingar pr. presteårsverk

| | | Konfirmasjoner | | Vielser | | Gravferder | | Dåpshandlinger | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Prester inkl biskop | Antall | Per prest | Antall | Per prest | Antall | Per prest | Antall | Per prest |
| *Møre 2017* | 70,8 | 2 502 | 35,3 | 423 | 6,0 | 2 115 | 29,9 | 2 067 | 29,2 |
| *Møre 2018* | 73,45 | 2 469 | 33,6 | 405 | 5,5 | 2 117 | 28,8 | 1 810 | 24,6 |
| *DNK 2018* | 1280,1 | 35 195 | 27,5 | 7 055 | 5,5 | 35 708 | 27,9 | 28 463 | 22,2 |

Det er frå 2017 til 2018 ein reduksjon i talet på kyrkjelege handlingar pr. prest. Det har si hovudårsak i nedgang i talet på tenester. Samanlikna med snitt i landet ligger Møre over når det gjelder både konfirmasjonar, gravferder og dåpshandlingar.

### Gudstjenester pr. presteårsverk

| | **Presteårsverk** | **Totalt antall gudstjenester** | **Gjennomsnitt gudstjenester per presteårsverk** |
|---|---|---|---|
| *Møre 2017* | 70,8 | 3 766 | 53,2 |
| *Møre 2018* | 73,45 | 3 866 | 52,6 |

Talet på gudstenester pr. prest er stabilt

### Ekstratenester

Ut over dei faste stillingane er det nytta vikarar og pensjonistar for å gjere presteteneste i enkelttenester. Det er ein reduksjon i bruk av enkelttenester gjennom dei siste 4 åra:

**Ekstratenester gudstenester, gravferd og vigsel**

| | Gudstenester | | | Gravferd | | | Vigsel |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Ved andre | Ved prest | Totalt | Ved andre | Ved prest | Totalt | |
| Møre 2015 | 64 | 18 | 82 | 74 | 34 | 108 | 22 |
| Møre 2016 | 37 | 7 | 44 | 30 | 7 | 37 | 8 |
| Møre 2017 | 28 | 16 | 44 | 48 | 12 | 60 | 10 |
| **Møre 2018** | **14** | **20** | **34** | **3** | **14** | **17** | **9** |

Samstundes er det ein auke i bruk av medarbeidarar ut over enkelttenester

**Pensjonistar og enkelttenester, 2014 – 2018**

Utbetalte timar for medarbeidarar på pensjonistvilkår

| | 2014 | | 2015 | | 2016 | | 2017 | | 2018 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Timar | Årsverk | Timar | Årsverk | Timar | Årsverk | Timar | Årsverk | Timar | Årsverk |
| **Møre** | 4 053 | 2,3 | 8253 | 4,7 | 5181 | 3,0 | 4532 | 2,6 | 7603 | 4,34 |

## Rekruttering

### Utlysingar, søknadar og tilsettingar i prestetenesta

| | Utlyste stillingar | Tal søknadar | Søknadar per stilling | Stillingar lyst ut fleire g. | Tal tilsettingar | Ledige stillingar |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Møre 2016 | 9 | 15 | 1,7 | 4 | 6 | 5 |
| Møre 2017 | 9 | 26 | 2,9 | 3 | 9 | 4 |
| Møre 2018 | 7 | 13 | 1,9 | 3 | 5 | |

### Generell vurdering av bemanningssituasjonen

Møre bispedøme har motiverte og kompetente medarbeidarar. Vi erkjenner at arbeid med å tilpasse stillingar og årsverk i høve til tildelte ressursar kan verke negativt inn på motivasjonen. Vi ser særleg at yngre prestar har andre behov.

Kyrkjelydar i Møre har forventingar til at prestane deltar i den kyrkjelydsbyggande. Dette er ofte ein gjensidig forventning til prest og kyrkjelyd. Gudstenester og kyrkelege handlingar pr. presteårsverk gir derfor berre uttrykk for grunnrytmen i prestetenesta. I dei kyrkjelydane som ikkje har kateket eller diakon bli presten også berar av dei diakonale og kateketiske perspektiva.

Rekrutteringssituasjonen er sårbar, og det skal små endringar til før rekrutteringa er på eit kritisk nivå. Enkelte geografiske delar av bispedømet er det vanskeleg å rekruttere til.

Det er har over tid vore ei forskyving mellom aldersgrupper, med hovudvekt på dei under 40. Dette gir særskilte utfordringar knytte til introduksjon og oppfølging i tenesta. At Møre rekrutterer unge prestar kan ha si årsak i at vi gir VTP-studentar høve til å prøve seg i teneste

gjennom å vere sommarvikar. At fleire som kjenner kvarandre søkjer til same geografiske område verkar og inn.

Tal søkjarar til stillingar er låg, men dei som søkjer er som regel godt kvalifiserte. At ei stilling blir lyst ut fleire gonger har i nokre tilfelle si årsak i at ein søkjar får tilbod om fleire stillingar.

Talet på kvinner i presteteneste er stabil, med talet på kvinnelege søkjarar er låg. Det er ønska ei anna utvikling her.

Sjukefråveret har auka, og når sjukdom oppstår er det krevjande å skaffe vikar. Konsekvens er ofte at prosten gjer vikarteneste med overbelastning for prosten som resultat.

Vi vurderer at arbeidsbelastninga mellom prestane er jamnare fordelt enn tidlegare. Strukturelle tilhøve som ny arbeidsavtale verkar inn på dette, men også ein tydelegare leiarrolle gjennom prosten.

Det er godt samarbeidsklima mellom arbeidsgjevar, tillitsvalde og vernetenesta på regionalt og lokalt nivå.

**Resultatmål 4.2: Fleire blir engasjerte i frivillig teneste i kyrkja**
Dei viktigaste suksessfaktorane:

A) *Involvering*

Dei viktigaste tiltaka:

A) *Motivere for å engasjere frivillige*
B) *Bidra til medarbeidaroppfølging*

Måloppnåing vist ved resultatindikator: Tal frivillige

| | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|
| Totalt tal frivillige | 7145 | 7790 | 7962 |
| Frivillige i gudstenestefeiringa | 3249 | 3242 | 3278 |
| Frivillige i kyrkjelydens barne-arbeid | 1388 | 1408 | 1200 |
| Frivillige i kyrkje-lydens ungd.-arbeid | 1039 | 931 | 1075 |
| Frivillige i kyrkjelydens diakonale arbeid | 1171 | 1603 | 1487 |
| Frivillige i kyrkje-lydens kultur- og konsert-arbeid | 1512 | 1841 | 1937 |
| Frivillige i kyrkje-lydens komité-og utvals-arbeid | 1481 | 1426 | 1443 |
| ..av dette i sokneråd | 819 | 797 | 783 |
| Frivillige i anna arbeid | 976 | 993 | 858 |

Ressursbruk:
Møre bispedømeråd har ikkje ressursbruk her

Vurdering av måloppnåing:
Eit av kjerneomgrepa i samband med gudstenestereforma var «involvering». Ikkje berre i gudstenesta, men også på andre felt av det kyrkjelege arbeidet har omgrepet festa seg som ressurs og kvalitetsstempel. Det er eit aukande fokus på å trekkje frivillige inn i det kyrkjelege arbeidet. Ressursmangel og rekrutteringsutfordringar understrekar det nye fokuset på frivillige.

Ved å gå inn i statistikkmaterialet på soknenivå, ser vi at auken ikkje er jamt fordelt mellom sokna, men at nokre få kyrkjelydar rapporterer svært høge tal i høve til andre det er naturleg å samanlikne. På den andre sida ser vi at mange kyrkjelydar har låge og fråverande tal på frivillige, noko som heller ikkje speglar aktivitetsnivået vi kjenner til er i soknet!

## SÆRLEGE FOKUSOMRÅDER – Oppdrag frå kyrkjerådet

### Samarbeid skule kyrkje

Dei viktigaste suksessfaktorane:

Dei viktigaste tiltaka:

Måloppnåing:
Besøk i kyrkje utanom gudsteneste og besøk frå kyrkjeleg medarbeidar

**Besøk i kirke utanom gudstjeneste - Møre**

| | Tal besøk fra barnehagar | | | | | Tal besøk frå skular | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2016 | 2017 | 2018 | Endring 2016-2017 | Endring 2017 - 2018 | 2016 | 2017 | 2018 | Endring 2016-2017 | Endring 2017-2018 |
| | 261 | 232 | 221 | -10 % | -5% | 212 | 205 | 171 | -3 % | -19% |

Besøk i barnehage og skule av kyrkjeleg medarbeidar

**Besøk av kyrkjeleg medarbeidar**

| | Tal besøk i barnehagar | | | | | Tal besøk i skular | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2016 | 2017 | 2018 | Endring 2016-2017 | Endring 2017 - 2018 | 2016 | 2017 | 2018 | Endring 2016 - 2017 | Endring 2017-2018 |
| Møre | 140 | 106 | 143 | -26 % | 35% | 156 | 161 | 143 | 4 % | -11% |

Vurdering av måloppnåing:
Vi ser at besøk frå barnehage og besøk frå skular går ned i perioden 2016 – 2018. Kyrkjelege medarbeidarar på besøk i barnehage går opp i 2018 og er tilbake på 2016-nivå, men går ned i høve til skulebesøk.
For å få ein totaloversikt over dei totale møtepunkta ser vi og på barnehage- og skulegudstenester

Antal Barnehagegudstenester

| Prosti | Antall gudstj 2017 | Deltakere 2017 | Antal gudstj 2018 | Deltakarar 2018 |
|---|---|---|---|---|
| Molde domprosti | 16 | 856 | 13 | 767 |
| Søre Sunnmøre | 19 | 995 | 23 | 954 |
| Austre Sunnmøre | 7 | 909 | 6 | 758 |
| Nordre Sunnmøre | 26 | 2854 | 24 | 3641 |
| Indre Romsdal | 3 | 366 | 9 | 674 |
| Ytre Nordmøre | 7 | 600 | 7 | 485 |
| Indre Nordmøre | 9 | 427 | 10 | 442 |
| Sum | 87 | 7007 | 92 | 7721 |

Antall skulegudstjenester

| Prosti | Antall gudstj 2017 | Deltakarar 2017 | Antall gudstj 2018 | Deltakarar 2018 |
|---|---|---|---|---|
| Molde domprosti | 29 | 5600 | 32 | 6081 |
| Søre Sunnmøre | 38 | 7025 | 40 | 7389 |
| Austre Sunnmøre | 19 | 3916 | 16 | 2786 |
| Nordre Sunnmøre | 45 | 12357 | 43 | 10723 |
| Indre Romsdal | 13 | 2259 | 13 | 1968 |
| Ytre Nordmøre | 21 | 4141 | 35 | 5171 |
| Indre Nordmøre | 20 | 2267 | 19 | 2108 |
| Sum | 185 | 37565 | 198 | 36226 |

Talet på gudstenester går totalt opp for både barnehagar og skular. Litt meir ulik utvikling i dei enkelte prosti. Det kan sjå ut som at talet på ordinære besøk i kyrkja blir erstatta av gudstenester.

I Møre er det eit varierande tilbod og samarbeid mellom kyrkja og skulen. Dei fleste gjev likevel tilbod om skulegudstenester og jule - og påskevandringar. Vi ser også ofte eit tettare samarbeid på små stader framfor i dei større tettstadane/byane våre. Mykje av samarbeidet heftar på tillit og relasjon til enkeltlærarar og den lokale skuleleiinga.

Det er vanskeleg å peike på ei enkeltårsak til nedgangen på kyrkjebesøk, men ein ser at skulen oftare enn før unngår samarbeid for å ikkje aktivere motkrefter til kyrkjeleg samarbeid.

Noko av nedgangen kan også skrive seg frå at dei kyrkjelege ressursane er i endring. Kyrkjelydane har ofte små stillingsprosentar knytte til undervisningsstillingar, og prestane har i mindre grad enn før høve til å vere motorar i skule-kyrkje-samarbeidet.

Medieskepsis og politisk uro kring skulegudstenester visast i liten grad igjen på talet for gudstenester, men kan slå ut i skulebesøk. Vårt inntrykk er at det er mange gode og trygge samarbeidsrelasjonar i skule-kyrkje-samarbeidet.
Eit godt samarbeid avheng av at kyrkja ikkje har ein skjult agenda for samarbeidet, og at vi er lojale til dei rammene som skulen har sett. Vi driv ikkje trusopplæring i skulen. Usikkerheit kring dette kan medføre at aktørar trekkjer seg ut av ei samarbeide.

Kvifor er det då verd å bruke ressursar på skule-kyrkje-samarbeidet? Vi ser i dag ei auka sektorisering både på eit individuelt så vel som på et samfunnsmessig plan. Dette gjer at barna sine ulike arenaer i større grad enn tidlegare er åtskilde. Eit samarbeid mellom skulen og kyrkja kan positivt forsterke og underbygge læringsbanar mellom skulen og kyrkja, og slik skape auka læring og forståing både for skulefaget KRLE i skulen og for kva tru er i kyrkja. For skulen vil tilsette i kyrkja ha ein fagkompetanse og ein «utanfråstemme» inn i skulen som er ein ressurs for dei. For kyrkja vil eit samarbeid vere ein viktig relasjon – og eit tillitsbyggande arbeid med barna, dei vaksne og lokalmiljøet.

Her har vi som kyrkje unik kompetanse å tilby skulen, då vi sidan trusopplæringsreforma blei innført har arbeidd aktivt med livsmestring som ein av tre dimensjonar i trusopplæringsarbeidet.

Korleis ein skal arbeide smart med dette, og om det er eit samarbeid ein ønskjer, er ein viktig diskusjon kyrkjelydane bør ta.

Eventuell endring av tiltak
Formalisering av samarbeidsavtalar for å skape felles forståing
Utvikle vidare samarbeid og dialog med Fylkesmannen og Fylkeskommunen

### 3.4.3 Barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelydane

Dei viktigaste sukssessfaktorane:

Dei viktigaste tiltaka:

Måloppnåing:

**Tilbod til unge 13-17 år, enkelttiltak og kontinuerlege**

| | Kontinuerlige tilbud for 13-17 år, antall | | | Enkelttilbud for 13-17 år, antall | | | Lederkurs for unge 13-17 år, antall | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2017 | 2018 | Endring | 2017 | 2018 | Endring | 2017 | 2018 | Endring |
| Møre | 51 | 128 | 151 % | 25 | 35 | 40 % | 13 | 25 | 92 % |
| **Totalsum** | **791** | **873** | **10 %** | **526** | **435** | **-17 %** | **560** | **571** | **2 %** |

## Tilbod til unge vaksne 18-30 år, enkelttiltak og kontinuerlege

| | Kontinuerlege tilbod for 18-30 år, tal | | | Enkelttilbod for 18-30 år, tal | | | Leiarkurs for 18-30 år, tal | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2017 | 2018 | Endring | 2017 | 2018 | Endring | 2017 | 2018 | Endring |
| **Møre** | 14 | 14 | 0 % | 3 | 5 | 67 % | 7 | 2 | -71 % |
| **Totalsum** | **312** | **315** | **1 %** | **193** | **185** | **-4 %** | **92** | **123** | **34 %** |

Vurdering av måloppnåing:
Langt dei fleste einingane våre melder tilbake at dei samarbeider med ein eller fleire organisasjonar, og at dei opplever dette som viktig og godt. Det er uttrykt at det kontinuerlege arbeidet - men også leirarbeidet og leiartreningskursa som samarbeidsorganisasjonane tilbyr - er ein viktig grunnstein inn i og opp under trusopplæringsarbeidet, og at dette er eit arbeid kyrkjelydane ønskjer seg meir av.
Ei sorg for mange er at det er vanskeleg å få nok frivillige vaksne og barn/unge til å delta. Tidsklemma og kampen om merksemd som eit av mange tilbod opplevast krevjande.

Dei rapporterte tala viser ein stor auke av kontinuerleg tilbod for aldersgruppe 13 – 17 år og stabilt mellom 18 – 30 år (27%), men nedgang i leiarkurs.

Eventuell endring av tiltak
Vi vurderer å bruke kyrkjevalet til å sette fokus på barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelydane. Det kan vere aktuelt å utvikle film på ferger, kino eller reklamemateriell elles.

## Om biskopens verksemd

Tre av hovudmåla for Den norske kyrkja har eit tydeleg samanfall med biskopens særlege ansvar:
*- Den norske kyrkja skal vere ei landsdekkande, lokalt forankra folkekyrkje.*
*- Den norske kyrkja skal ha ei oppslutning som bekreftar karakteren som folkekyrkje.*
*- Den norske kyrkja skal formidle evangelisk-luthersk tru og tradisjon og tilby trusopplæring til alle barn.*

Biskopens verksemd er i denne samanheng å sjå heilskapen i bispedømet. Jf. ToB § 2 og ToP § 2 m.o.t. bispedømmets mål og strategiar. Prostemøta, dialogen og samhandlinga med den enkelte prost i kyrkjefaglege og personalmessige spørsmål, i deira leiing av prestetenesta, ved vigslingar, kyrkjejubileum, visitasar og gudstenester, har høg prioritet. Personalpolitikken for prestane med rettleiing og kompetanseutvikling er både ein del av arbeidsgivaransvaret og av tilsynsansvaret for biskopen som øvste leiar av prestetenesta.

Hovudmål 1 «Gudstenestelivet blomstrar» har biskopen ansvar for å forordna gudstenester. Det er eit mål at gudstenester der det er meldt dåp skal bli gjennomført. Det blir ikkje lenger ført statistikk for messefall, og dermed blir heller ikkje noko av årsaka til at gudstenestetalet går ned gjort synleg.

Gudstenestefrekvensen er eit fokusområde. Gjennom endringar i delegasjonsreglementet er prosten gitt mynde til å kunne flytte gudstenester mellom kyrkjer og andre gudstenestestader internt i prostiet, men samtidig prøve å halde det totale talet gudstenester oppe.

Bispedømmets visjonsdokument har same overskrifta som på nasjonalt nivå; *Meir himmel på jorda*. Ein del av biskopens tilnærming er «Vi må ikkje stenge trua inne i kyrkja. Vi må opne opp, gå ut og gi menneske tilhøyrsle.» Kyrkjemusikk, salmesong og styrkt samhandling mellom kantorar/kyrkjemusikarar og prestar har vore viktig å motivere til. Salmane har gitt trua eit felles språk og inkludert alle, frå babysong til sjukeheim.

Folkekyrkje kan ikkje vedtakast, men må skapast; bli bygd og vedlikehalde. Når strukturane blir endra/svekte, må relasjonane bli styrkte. Å gjere kyrkja sitt samfunnsoppdrag godt synleg er prioritert. Biskopen bygger relasjonar i høve Fylkesmannen, Fylkesordførar, Stortingspolitikarar og Internasjonalt.

Vidare er samhandling med andre samfunnsinstitusjonar viktig.

I visitas har biskopen fokus på å sjå og inspirere kyrkjelydane. Det er møter med kommunen, skule og barnehagar. I tillegg ofte besøk i lokale samfunnsinstitusjonar og bedrifter. Kyrkja som del av lokalsamfunnet er viktig del av visitasen.

Samarbeid er nøkkelen i åra som kjem. Som kyrkje skal vi saman med kommunar og verksemder, frivillige og profesjonelle, bidra til å utvikle gode lokalsamfunn der innbyggjarane kan bli ivaretatt og utvikle sine fysiske, psykiske og åndelege behov.

Innan områda kyrkjeforvaltning og gravplassforvaltning har biskopen ein sentral rolle.

Innan kyrkjeforvaltning er dei fleste sakene knytte til godkjenning av liturgiske plagg og utstyr, tiltak, endringar eller ombyggingar i kyrkjeinteriøret og endringar på og ved kyrkjebygget utvendig.

Innan gravplassforvaltning er dei fleste sakene knytte til endringar på gravplass og godkjenning av nye gravplassar. Andre saker er knytte til nye eller reviderte vedtekter for gravplassane. Nokre saker er klagesaker etter enkeltvedtak.

# DEL 4 – STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

## A) HMS/Arbeidsmiljø

### Sjukefråvær

Møre bispedøme har revidert sine IA-mål og underteikna ny regional avtale. Møre bispedøme sitt IA-mål er å ha eit sjukefråvær på under 4%.

| *prester* | Prosent | 1-3d | 4-16d | 16d-8u | >8u |
|---|---|---|---|---|---|
| *Møre Menn* | 3,57 | 0,25 | 1,02 | 0,56 | 1,74 |
| *Møre kvinner* | 16,32 | 0,66 | 1,55 | 4,37 | 9,73 |
| *Totalt* | 6,53 | 0,35 | 1,15 | 1,45 | 3,59 |

| *adm* | Prosent | 1-3d | 4-16d | 16d-8u | >8u |
|---|---|---|---|---|---|
| *Møre menn* | 7,34 | 0,35 | 0,76 | 2,33 | 3,9 |
| *Møre kvinner* | 15,66 | 0,69 | 1,82 | 3,82 | 9,34 |
| *Totalt* | 11,35 | 0,51 | 1,27 | 3,05 | 6,52 |

Det totale sjukefråværet for prestar er på 6,53 og for adm 11,35. Sjukefråveret for kvinner er høgare.

Som arbeidsgjevar er vi stort sett kjent med årsaka til sjukefråvær og har fokus på dette gjennom oppfølging. Vi ønskjer også å legge til rette for tilsette med kroniske lidingar. I statistikk for sjukefråvær kan dette slå negativt ut, men grunnhaldninga vår her er overstyrande. I arbeidsplassundersøkingar seier mange at dei går på jobb sjølv om dei er sjuke. Dette er eit område vi arbeider med. Sjukefråværet blir følgt opp gjennom arbeidsmiljøutvalet og i forhold til våre IA-rutinar.

### Medarbeiderundersøkingar/Arbeidsplassundersøkingar inkl. vurderingar

Dei årlege arbeidsplassundersøkingar har ikkje blitt følgt opp i 2018. Resultat av arbeidsplassunderøkinga i 2017 har vore grunnlag for felles arbeidsmiljødag med vernetenesta og prostar samt fokus på arbeidsmiljø i prostia og på bispedømekontoret gjennom året.

Medarbeiderundersøkelsen for Møre hadde høg oppslutning. Den viser at det på fleire områder ligger under landssnittet. Dette blir følgt opp vidare.

### Rutinar for intern varsling om kritikkverdige tilhøve

Møre bispedøme har rutinar for varsling om kritikkverdige tilhøve og for melding om avvik. Rutinane er lett tilgjengelege på heimesider og Kirkebakken. Rutinane har vore gjennomgått på fellesdag med vernetenesta, tillitsvalde og prostar.

## B) Likestilling

### Kvinnedel i presteskap og leiande stillingar

Talet på kvinnelege tilsette er lågare enn mannlege tilsette for presteskapet i Møre. Kvinnedelen for biskop og prostar er på 43%, medan kvinnedelen i administrasjonen er på over 39% I leiargruppa ved administrasjonen er 2 av i alt 4 tilsette kvinner.

Kvinnedel

| *31.12.2018* | Kvinner | Menn | Totalt | Prosent kvinner |
|---|---|---|---|---|
| *Møre presteskapet* | 16,8 | 49,8 | 66,6 | 25,23 |
| *Møre administrasjon* | 5,18 | 8,05 | 13,23 | 39,15 |

Kvinnedel i leiarstillinger, biskopar og prostar

| *Presteskapet* | Kvinner | Menn | Totalt | Prosent kvinner |
|---|---|---|---|---|
| *Møre presteskapet* | 3 | 4 | 7 | 42,86 |
| *Møre administrasjon* | 2 | 2 | 4 | 45,65 |

### Søknader og tilsettingar av prestar i Møre bispedøme

Talet på kvinnelege søkjarar var på 31% i 2017, men redusert til 8% i 2018. Medan talet på kvinnelege tilsettingar var 4 av i alt 9 tilsettingssaker i 2017, redusert til 0 i 2018.

Vi vurderer likevel at likestillingsprinsippet er innfridd.

1.1

Kvinnedel – søknader og tilsettingar i presteskapet

| | 2018 | | | 2017 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| *Møre* | Antall søknader | Herav fra kvinner | Prosentandel kvinner | Antall søknader | Herav fra kvinner | Prosentandel kvinner |
| | 13 | 1 | 7,69 % | 26 | 8 | 30,80 % |

| | 2018 | | | 2017 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| *Møre* | Antall tilsettinger | Herav kvinner | Prosentandel kvinner | Antall tilsettinger | Herav kvinner | Prosentandel kvinner |
| | 5 | 0 | 0,00 % | 9 | 4 | 44,40 % |

### Fråvær

Sjukefråværet er for presteskapet her høgare enn målsettinga, for administrasjonen betydeleg høgare. Det er stor forskjell på kjønn. Vi vurder at desse forskjellane ikkje er kjønnsbetinga.

| *Totalt i rDnk* | Prosent | 1-3d | 4-16d | 16d-8u | >8u |
|---|---|---|---|---|---|
| *Møre menn* | 4,06 | 0,26 | 0,99 | 0,79 | 2,02 |
| *Møre kvinner* | 16,11 | 0,67 | 1,64 | 4,2 | 9,6 |
| *Møre totalt* | 7,40 | 0,38 | 1,17 | 1,74 | 4,12 |
| *Den norske kirke* | 5,41 | 0,44 | 1,03 | 1,46 | 2,48 |

## C) Vurdering av risiko for misleghald

Vi vurderer risiko for misleghald som liten.

Denne vurderinga er gjort med bakgrunn i at Møre bispedømeråd har vedtatt økonomiinstruks og at stiftsdirektøren fastsett rutinar for økonomistyringa.

Dei områda som særleg er omfatta av rutinar er:

- Fullmakter
- Anskaffing av varer og tenester
- Mottak og handsaming av faktura i elektronisk fakturabehandlingssystem
- Godkjenning for utbetaling
- Lønsrutinar
- Rapportering
- Tilskotsforvaltning

Det er også utarbeidd Internkontroll med vurderingar av risiko- og vesentlegheit for økonomiforvaltninga i Møre bispedøme. Bakgrunnen er at det skal vere gode interne kontrollar som kan forhindre, under dette oppdage og eventuelt korrigere styringssvikt, feil, manglar og misleghald.

Det ligg til grunn delegering av budsjettdisponeringsmynde. Det er også utarbeidd rundskriv til alle prostar om personal- og økonomiforvaltninga i prostia. Bispedømerådet og biskopen har vedteke delegasjonsreglement. Det ligg også føre delegasjonsreglement og underskriftsfullmakter for administrasjonen.

For 2018 er det berre gjort endringar i rutinar som følgje av nasjonale føringar knytt til rekneskap, budsjett og lønsområdet. Det er som følgje av dette gjort mindre endringar i prosessar for vurdering av risiko og vesentlegheit.

# DEL 5 - VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

Kristenlivet generelt og observerte utviklingstrekk i Møre bispedøme

Kristenlivet på Nordvestlandet har djupe røter og lange tradisjonar. Her står «Noregs dåpsattest» - Kulisteinen. Der blei det i 2018 markert opninga av Kystpilegrimsleia. I Møre står kyrkjer plassert langs datidas ferdselsårer – på øyer og nes langs kysten. Her har prestar og predikantar sett sine spor både i kristenliv, kulturliv, næringsliv og hjarta til enkeltmenneske.

Folket langs kysten og i fjordane har lært seg å leva med og av havet og jorda – som både gir og tar liv. Nær naturen og kreftene den representerer. Haugianismen og lågkyrkjeleg organisasjonsliv har sett sitt preg på området med si vekt på personleg gudstru, nøktern og arbeidsom livsførsel.

Møre og Romsdal er eit grynder-fylke prega av fiske, skipsverft, industri og olje. Herfrå skjer den største verdiskapinga og eksporten i Noreg. Samtidig har folk i desse verksemdene hatt kort veg til kyrkje og bedehus. Framleis er det spor etter verdiane til Hans Nielsen Hauge.

Det skjer likevel ei endring. Den generelle oppløysinga av organisasjonslivet og meir fokus på eigen personleg aktivitet verkar inn på deltaking på dei tradisjonelle møta. Idrett, kultur, opplevingar og reisetrang bidrar til endring i prioriteringar.

Kyrkja sin posisjon i folket, kva skal til for at kyrkja betre kan utføre sitt samfunnsoppdrag slik at medlemmer opplever kyrkja som relevant

Kyrkje- og kristenliv har tradisjonelt vore ein viktig faktor i Møre bispedøme. Høge tal for medlemskap, deltaking i gudstenester/kyrkjelege handlingar, dåp/trusopplæring og frivillig arbeid viser dette. Å ta vare på og utvikle desse tradisjonane vil vere eit berande element for måloppnåinga også i tida framover. Samstundes er dette område som tradisjonelt har høyrt tett saman med familien og livsritene. Når familiestrukturar, busettingsmønster og verdiar er under endring, vil det få konsekvensar for det tradisjonelle kyrkjelege arbeidet.

Her følgjer noen ansatsar til vidare dialog og utvikling av perspektivet:

- Teknologi- og mediesamfunnet byr på moglegheiter og utfordringar.

- Flykningar og asylsøkjarar utfordrar kyrkja si evne til integrering og dialog.

- Kyrkja i Møre vil i sterkare grad bli avhengig av frivillige ressursar for å nå mål. Vi treng å bli meir medvitne på kva som bidrar til motivasjon og engasjement og kva som skal til for å utvikle god leiing og «personalpolitikk», også for frivillige medarbeidarar.

- Samfunnet har hatt store endringer i korleis dei unge har det. Kyrkja må ta innover seg aukande grad av ung psykiatri og rus. Vi meiner at kyrkja i framtida kan bli ein viktig som lyttepost overfor dei unge.

- Kyrkja har stor muligheit til å fokusere på miljø og klima

- Gjennom kystpilegrimsarbeidet kan kyrkja skape rom til samarbeid med det lokale næringsliv. Kyrkje og næringsliv har igjennom generasjonar gått hand i hand, alle trenger ein stø kurs i en kvardag.

- I et lokalmiljø har næringsliv, kommune og kyrkje same mål, det er å gi gode oppveksttilhøve til barn og unge. Det er bare fantasien som setter grenser på samarbeide med kyrkja sitt arbeid i et lokalsamfunn.

- Møre bispedøme har ei brei kontaktflate på lokalt-, regionalt-, nasjonalt- og internasjonalt nivå. Dette skjer gjennom arenaer knytte til mellom anna kyrkjelege rådsorgan, kultur, diakoni, miljø, undervisning, dialog og politikk – i kvardag og ved krisehandtering. Samhandling er ein viktig faktor i måloppnåinga.

- Fleire moment er aktuelle

Det er viktige spørsmål som blir sett opp i denne delen. Dette må derfor vere del av ein gryande samtale der fleire kyrkjelege aktørar komer til orde. Kyrkja er lokal. Samstundes blir spørsmål reist i ei tid der kyrkjeordning og organisering står sentral. Korleis kyrkja skal organiserast må kome som eit svar på kva kyrkja skal vere. No kan vi kome til å organisere ei verksemd utan å vere bevisst eller kjenne til kva framtidas kyrkje skal vere.

# VI ÅRSREKNESKAP

## Leiinga sine kommentarar til årsrekneskapen 2018

### *Innleiing*

Møre bispedøme er geografisk samanfallande med Møre og Romsdal fylke. Bispedømet er, med Møre bispedømeråd og Møre biskop som forvaltingsorgan, del av rettssubjektet Den norske kyrkja.

Bispedømmerådet skal ha si merksemd på alt som kan bli gjort for å vekke og nære det kristelige livet i kyrkjelydane, og det skal fremme samarbeidet mellom de enkelte sokneråd og andre lokale arbeidsgrupper i bispedømet. Tildelinga av statlege midlar gjennom Kyrkjerådet til Møre bispedømeråd skal sikre ein lokal forankra folkekyrkje i alle kyrkjelydar i bispedømet. Vidare at evangelisk-luthersk tro og tradisjon blir formidla og at alle døpte blir tilbydd trusopplæring.

Bispedømmerådet tilsetter prestar og skal sørge for fordeling av presteteneste slik at gudstenester og kyrkjelege handlingar blir utført. Bispedømerådet fordeler midlar til tilskott trusopplæring i kyrkjelydane og midlar til stillingar innafor undervisning og diakoni. Bispedømerådet gir og rammer for at biskopen kan utøve tilsynsmynde for rådsorgan og tilsette, sine oppgåver som arbeidsgjevar for prestane og del av forvaltingsmynde i høve kyrkjer.

Ved utgangen av 2018 var det 87,1 årsverk høyrande til Møre bispedømeråd, fordelt på 73,5 årsverk prestestillingar og 13,6 årsverk administrasjon/rådgjevarstillingar. Det blir arbeida systematisk med arbeidsmiljøet for dei tilsette og i visjonsdokumentet blir dette uttrykt slik: «Medarbeidarar som ser kvarandre og tek del med nådegåver, evner og fagkunnskap. Bispedømet har rutinar for melding av avvik og varsling av kritikkverdige tilhøve.

### *Vurdering av vesentlige forhold*

I 2018 har Møre bispedømeråd samla disponert kr 106 753 000 etter tildeling frå Kyrkjerådet. Av dette er kr 29 900 000 øyremerka midlar til trusopplæring, diakoni, undervisning og kyrkjemusikk. Midlane er vidareformidla til fellesråd i høve til fastlagde kriterier. Tildeling frå Opplysningsvesenets fond på kr 502 000 er nytta innanfor kriteria til kyrkjelege prosjekt i bispedømet.

Samla løns- og driftsutgifter var på kr 74 329 000. Dette er kr 2 021 00 mindre enn tildelinga frå Kyrkjerådet. Mindreforbruket, som blir søkt overført til 2018, forklarar vi slik:
I 2018 har det vore eit mindreforbruk i administrasjonen på 1 148 000 dels som følgje av sjukefråver utan tilsvarande bruk av vikarar og reduksjon i andre driftsutgifter. I 2018 har det vore balanse mellom budsjett og rekneskap i høve til presteskapet, men delar av avsett reserve/mindreforbruk overført i sin heilskap til presteskapet vart ikkje brukt slik at mindreforbruket for presteskapet er kr 872.000,-.

I 2018 er det ikkje gjort investeringar. Møre bispedømeråd har ikkje eigardeler eller interesser i andre verksemder. Rekneskapen for Møre bispedøme inngår i den samla rekneskapen for rettssubjektet Den norske kirke, og blir revidert av revisjonsfirma Ernst og Young AS.

Molde, 14. februar 2019

| | |
|---|---|
| *Ann-Kristin Sørvik* | *Arvid Helle* |
| *Bispedømerådsleiar* | *fung. stiftsdirektør* |

## Budsjettgruppe 1A

Endeleg tildeling for budsjettgruppe 2018 er kr 76 350 000. Dette er etter justering for mellom anna lønsoppgjeret og mindreforbruk i 2017. Prestestillingar er haldne vakante grunna reduserte tildelingar. Det er eit mindre overforbruk på løn til prestar. Vakant stilling og høgt sjukefråvær i administrasjonen gir eit samla mindreforbruk på kr 896 000 på løn. Reise- og kursutgifter blei lågare enn venta. Avsett reserve (del av mindreforbruk overført frå 2017) blei heller ikkje nytta. Dette gav eit mindreforbruk på kr 2 021 000.

| | 2018 | | |
|---|---|---|---|
| **1A - Driftsregnskapet** | **Regnskap** | **Budsjett** | **Avvik** |
| Inntekter (kontoklasse 3) | -371 | -575 | -204 |
| Tilskudd til eksterne (kontoklasse 4) | 41 | | -41 |
| Lønn (kontoklasse 5) | 67 550 | 68 446 | 896 |
| Drift (kontoklasse 6, 7, 8) | 7 109 | 8 479 | 1 370 |
| **Sum budsjettgruppe 1A** | 74 329 | 76 350 | 2 021 |

## Budsjettgruppe 1B og andre tilskot

Saman med overført mindreforbruk i 2017 var tildelinga til trusopplæring kr 19 358 000. Delar av midlane blei ikkje utbetalt på grunn av manglande rapportering eller at midlar ikkje var nytta etter føresetnadene i 2017. Mindreforbruket på trusopplæringsmidlar i 2018 er kr 512 000.

For tilskot til diakoni/undervisning/kyrkjemusikk vart det, saman med eit mindreforbruk i 2017, tildelt kr 10 542 000. Det er i rapporteringa frå tilskotsmottakarene krav til dokumentasjon av planar og rekneskap for bruk av midlane. Mindreforbruket er i hovudsak grunna vakante stillingar i 2017 og budsjett/rapportar for vakante stillingar i 2018.

Nokre av dei planlagde prosjekta med støtte frå OVF blei ikkje gjennomført. Dette førte til eit lite mindreforbruk på kr 27 000.

| | 2018 | | |
|---|---|---|---|
| **1B, 2, 3 m.fl. - Tilskudd *** | **Regnskap** | **Budsjett** | **Avvik** |
| 1B Trosopplæring | 18 846 | 19 358 | 512 |
| 1B Diakoni/Undervisning/Kirkemusikk m.m. | 9 664 | 10 542 | 878 |
| 1B Domkirke (Oslo og Nidaros) | | | - |
| Gruppe 2 (kun KR) | | | - |
| Gruppe 3 (kun KR) | | | - |
| Annet (inkl Ovf utbet til eksterne) | 475 | 502 | 27 |
| **Sum budsjettgruppe 1B, 2, 3 m.fl.** | 28 985 | 30 402 | 1 417 |

## Særskilt om Ovf-tilskotet

Størstedelen av tilskotet er nytta til finansiering av stillinga rådgjevar for misjon. Delar av midlane er tildelt til eit prosjekt om energiøkonomisering i kyrkjebygg i samarbeid med NTNU. Resten av midlane er delt ut til kyrkjelydar og organisasjonar knytt til kyrkja i Møre.

| **Spesifikasjon av Ovf-midlene:** | 2018 | | |
|---|---|---|---|
| **OVF** | **Regnskap** | **Budsjett** | **Avvik** |
| Administrasjon | - | - | - |
| Diakoni | 25 | | -25 |
| Barn og unge | 30 | | -30 |
| Gudstjenesteliv | 10 | | -10 |
| Kirkemusikk og kultur | 55 | | -55 |
| Samisk kirkeliv | - | - | - |
| Andre fellestiltak (inkl SMM) | 355 | | -355 |
| Internasjonale og økumeniske organisasjoner | - | - | - |
| **Ovf total (for rapportering til Ovf)** | 475 | - | -475 |

## Risikovurdering økonomi

Møre bispedøme mottar sine midlar frå Kyrkjerådet. Tildelingsbrevet gjev mål for drifta. Kyrkjemøtet sitt budsjettreglement fastsett av Kyrkjemøtet 12. april 2016 og økonomireglement for rettssubjektet Den norske kyrkje av 01.01.2017 gjev rammer for økonomiforvaltninga. Rettssubjektet Den norske kirke har avtale om kjøp av økonomitenester frå firmaet TET AS. TET handterer inngåande/utgåande faktura, rekneskapsføring, lønskøyring, kontroll, rapportering mv. Dette gjer at bispedømet sine tilsette åleine ikkje kan utbetale beløp frå verksemda.

Godkjenning av faktura og reiser må godkjennast av minimum to personar. Risiko for feilaktige utbetalingar er difor liten.

Rekneskapen blir i løpet av året vurdert opp mot budsjett og mål for drifta. Det er ein risiko for manglande måloppnåing grunna lite tilgang til vikarar ved sjukdom ved bispedømekontoret og få kvalifiserte søkjarar til prestestillingar.

Dei utarbeida rutinane for internkontroll, risiko- og vesentlegheitsvurderingar for økonomiforvaltninga i Møre bispedøme er vidareført.

## Sluttord

Frå 2017 blei alle administrative system innafor rekneskap/løn og arkiv fornya i rettssubjektet Den norske kyrkja. Dei tilsette har handtert og tilpassa seg dette godt. Det er i 2018 arbeida med effektivisering av dei markantile tenestefunksjonane innafor heile rettssubjektet. Prosjektet vil bli avslutta i 2019 og det er forventa reduksjon av dei samla administrative kostnadane. Prosjektet har ført til uro blant tilsette og rådsmedlemmer. Deltaking i prosessar har i denne perioden bidratt til redusert aktivitet i høve til primæroppgåver.

Mindreforbruk i 2018 gir handlingsrom for å legge til rette for studietur i 2019 for alle tilsette i Møre bispedøme.

***Mer himmel på jord*** *- resultatmål og nøkkelindikatorer for BDR og KR 2019-2021*

| *Strategiske mål:* | *Resultatmål:* | *Nøkkelindikator:* | *Datagrunnlag:* |
|---|---|---|---|
| 1. Gudstjenestelivet blomstrer | Vekst i antall deltakere pr gudstjeneste | Gudstjenestedeltakelse / gudstjenestefrekvens | Menighetenes årsstatistikk |
| | Flere velger kirkelig vigsel. | Antall vigsler | Menighetenes årsstatistikk |
| | Oppslutningen om kirkelig gravferd holdes oppe. | Antall kirkelige gravferder | Menighetenes årsstatistikk |
| | Flere menigheter inkluderer samisk språk i gudstjenestelivet. | Antall menigheter som inkluderer samisk språk i lokal gudstjenesteordning | Rapportering fra bispedømmeråd (BDR) |
| 2. Flere søker dåp og trosopplæring | Oppslutningen om dåp holdes oppe. | Antall døpte barn | Medlemsregisteret |
| | Oppslutningen om trosopplæringstiltakene er stabil. | Deltakerandel i utvalgte, landsomfattende tiltak | Rapporteringssystem trosopplæring |
| | Oppslutningen om konfirmasjon holdes oppe. | Konfirmerte av døpte 15-åringer | Medlregisteret/menigh årsstatistikk |
| 3. Kunst- og kulturuttrykk er en del av kirkelivet | Vekst i antall deltakere på konserter og kulturarrangement | Antall deltakere på konserter/kulturarrangement i kirkene | Menighetenes årsstatistikk |
| | Flere åpne kirker | Antall åpne kirker | Menighetenes årsstatistikk |
| 4. Kirken engasjerer seg i samfunnet | Flere menigheter med diakonal betjening | Andel menigheter med diakonal betjening | Rapportering fra BDR |
| | Flere menigheter tilbyr fellesskap til nye i Norge | Antall menigheter med tilbud ifm integreringsarbeid | Menighetenes årsstatistikk |
| | Arbeid med religionsdialog styrkes. | Antall fora for religionsdialog | Rapportering fra BDR |
| | Kirkens digitale nærvær øker. | Antall SoMe-kanaler. Antall følgere pr kanal og poster pr uke pr kanal | Rapportering fra BDR/fellesråd/ Google analytics eller tilsvarende |
| | Kirken er synlig på flere arenaer i det offentlige rom. | Antall artiklertreff på 'Dnk' i radio, TV, print, nettaviser. Antall frokostseminarer/annet | Mediemonitorering/ rapportering fra BDR/fellesråd/menigheter |
| | Samarbeidet kirke/skole styrkes. | Antall barnehage- og skolegudstjenester | Menighetenes årstatistikk |
| 5. Flere finner sin plass i kirkelig arbeid | Rekruttering til vigslede stillinger styrkes. | Antall vigslinger | Rapportering fra bispedømmeråd |
| | Flere engasjeres til frivillig tjeneste i kirken. | Antall frivillige | Menighetenes årsstatistikk |
| | Kirkelige medarbeidere trives i jobben. | Medarbeiderundersøkelser / sykefravær | Rapportering fra Kirkerådet |
| | Tilbud for unge i menighetene styrkes. | Antall deltakere på tilbud for 13-17år/18-30år | Menighetenes årsstatistikk /rapporteringssystem trosopplæring |
| 6. Kirken har en demokratisk og vel-fungerende organisasjon | Oppslutning om kirkevalg opprettholdes. | Valgdeltakelse | Medlemsregisteret |
| | Reduksjon i administrative kostnader. | Administrative kostnader | Regnskap for rettssubjektet |


Meir himmel på jorda
Kyrkja i Møre vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus ved å vere:
vedkjennande – open – tenande – misjonerande
MØRE BISPEDØMME
Gudsteneste
Møte den levande, treeinige Gud i forkynning, dåp og nattverd
Tene Gud i bøn og vedkjenning, tilbeding og lovsong
Utvikle kristen tru og identitet gjennom eit ope, deltakande og inkluderande fellesskap
Kyrkjemusikk kunst og kultur
Sanse og erfare Guds nærvær gjennom eit mangfald av språk og uttrykk
Gje rom for det skapande menneske
Forvalte og fornye salmeskatten og trus- og kulturarven
Misjon
Invitere til å følgje Jesus Kristus
Ta del i Jesu kall og oppdrag gjennom ord, handling og dialog lokalt og globalt
Erfare at vi er del av den verdsvide kyrkja - med eit felles oppdrag
Diakoni
Be og vise omsorg for nesten
Skape trygge møteplassar med låg terskel til, fellesskap og sjelesorg
Verne om skaparverket og kjempe for rettferd og menneskeverd
Undervisning
Gjere trua på den treeinige Gud kjent og erfart
Invitere til dåp og gje planmessig trusopplæring for alle døypte 0-18 år
Utruste barn, unge og vaksne til å leve som kristne
Trygge medarbeidarar som ser kvarandre og tek del med nådegåver, evner og fagkunnskap i ein demokratisk og vel-fungerande organisasjon
Vedteke i Møre bispedømeråd 14.12.2018

Denne filen er unntatt offentlighet.

Tittel: Medlemsundersøkelse - ikke offentlig
Tilgangskode: Unntatt offentlighet
Paragraf: Offl. § 14 1. ledd

DEN NORSKE KIRKE
Møre bispedømeråd

| Saksbehandler | Arkivkode | Arkivsak | Ugradert |
|---|---|---|---|
| Bjørn Olaf Storhaug | | 19/03533-1 | |

| Saksnummer | Råd/utvalg | Møtedato |
|---|---|---|
| | Møre bispedømeråd 2016-2019 | 27.09.2019 |

# Delegasjonsreglement frå Møre bispedømeråd til stiftsdirektør

**Vedlegg:**
Delegasjonsreglement for More bispedomeråd pr 2015(L)(183

## Saksorientering

Møre bispedømmeråd vedtok sist endringer i hvordan myndighet delegeres fra bispedømmerådet til stiftsdirektør i september 2015. Gjeldende delegasjonsreglement er vedlagt saken.

Det anbefales at delegasjonsreglement blir fastsatt av sittende bispedømmeråd ut fra den erfaring som er opparbeidet i bispedømmerådsperioden.

Med bakgrunn i den endrede arbeidsfordelingen innad i rettssubjektet, herunder etablering av nye felles enheter innenfor merkantile tjenester, har stiftsdirektørene i fellesskap drøftet tematikken knyttet til delegasjonsreglementene, og kommet fram til et omforent utgangspunkt for delegasjonsreglement for alle bispedømmene.

Det foreslås at et nytt delegasjonsreglement erstatter i sin helhet nåværende delegasjonsreglement, slik at det ikke gjøres henvisninger til tidligere vedtak i det nye reglementet.

I praksis foreslås det relativt få endringer fra gjeldende delegasjonsreglement for Møre bispedømmeråd. En del henvisninger til lovverk er korrigert, siden lovene er endret. Videre er en del terminologi oppdatert i henhold til ny kirkestruktur og endring av hva som er overordnet myndighet for bispedømmerådet.

I kapittel 1 anbefales endret ordlyd i nytt pkt. 1.6 i nytt reglement, der proster kan inngå i «medarbeidere». Tidligere pkt 1.4 – 1.6 (om AU) blir foreslått å gå ut slik at delegasjonsreglementet kun omhandler stiftsdirektør. Den mulighet bispedømmerådet har til å delegere til leder eller AU (jfr reglene for bispedømmerådets virksomhet) må i såfall bli omtalt i et eget reglement.

I kapittel 2 anbefales nytt pkt. 2.3. Det anses naturlig at dette tillegges stiftsdirektør, såfremt det ikke involverer saker av større prinsipiell betydning. Øvrige punkter er uforandret, men noen endres nummerering.

I kapittel 3 anbefales at stiftsdirektør får fullmakt etter forskriftens § 6 om å godkjenne ferdig opparbeidet gravplass. Dette vurderes som en sak av mindre prinsipiell betydning. I tillegg

strykes henvisning til § 23 i forskriften, siden myndigheten iht. bestemmelsene der nå tilligger fellesrådene.

I kapittel 4 foreslås at pkt. 4.2 utgår. Denne dekkes av nytt pkt. 5.7 og omfattes av tjenesteordninger, ikke kongelig resolusjon. Pkt. 4.4 i gammelt reglement utgår, ettersom boplikten er opphevet.

I kapittel 5 foretas korrigeringer til nytt lovverk vedrørende kirkevalg. Ingen reelle endringer foreslås. Nytt pkt. 5.7 erstatter pkt. 4.2 i det gamle reglementet.

I kapittel 6 forenkles reglementet og kommer i samsvar med faktisk situasjon. Det forefinnes ikke lengre flere enn en tildeling til bispedømmet, og denne kommer fra Kirkerådet. Bispedømmerådet er videre omfattet av Kirkemøtets vedtatte økonomiregelverk for rettssubjektet. Det er pt aktuelt å reforhandle husleieavtale i Romsdalsgata. Slik delegasjonsreglementet er formulert vil myndighet til å inngå ny husleieavtale være delegert stiftsdirektør, med mindre det skjer vesentlige endringer i rammer og forutsetninger. Da vil saken legges fram for bispedømmerådet.

I kapittel 7 forenkles reglementet. Bispedømmerådet er omfattet av personalreglementet for Den norske kirke vedtatt av Kirkemøtet, og denne vil være førende for bispedømmerådets virksomhet.

Kapittel 8, med pkt. 8.1 er nytt og gir stiftsdirektør myndighet til å ivareta bispedømmerådets interesser i de plansaker der det er bispedømmerådet, og ikke biskop, som inviteres til å avgi uttalelse.

I det følgende foreligger forslaget til delegasjonsreglement. Vedtatt delegasjonsreglement vil bli omsatt til nynorsk.

# DELEGASJONSREGLEMENT FOR MØRE BISPEDØMME

## DELEGASJON TIL DAGLIG LEDER (STIFTSDIREKTØREN)

Delegasjonsreglementet er fastsatt på bakgrunn av Lov om Den norske kirke § 23, 6. ledd hvor det framgår at bispedømmerådet skal ha en daglig leder for sin virksomhet og i henhold til Regler for formene for bispedømmerådets virksomhet § 10, pkt. 2., jfr. Kirkelovens § 23, siste ledd.

Bispedømmerådets myndighet og ansvarsområde følger blant annet av Kirkeloven, Gravferdsloven, retningslinjer, reglementer og forskrifter fastsatt av Kirkemøtet, herunder tjenesteordninger for kirkelige stillinger og tildelingsbrev fra Kirkerådet.

Bispedømmerådets hjemmel og adgang til delegasjon på de enkelte områder fremgår av de enkelte punkter i delegasjonsreglementet.

### 1 Prinsipper for utøvelsen av den delegerte myndighet

1.1 Funksjonen som daglig leder ved bispedømmekontoret, utøves av stiftsdirektøren eller den som fungerer i denne stillingen. Stiftsdirektøren er den som i løpende forvaltningssaker uttaler seg på vegne av rådet og avgjør saker på vegne av rådet mellom dets møter.

1.2 Stiftsdirektørens myndighet på ulike områder skal ivaretas slik at saker av prinsipiell betydning alltid skal forelegges bispedømmerådet til avgjørelse. Dersom slike saker av tidsmessige eller andre grunner må løses administrativt, bør de drøftes med bispedømmerådets leder før løsning velges. Saken skal deretter refereres og eventuelt behandles i neste møte i bispedømmerådet.

1.3 I den grad bispedømmerådet har fastsatt retningslinjer eller reglement for de ulike områder, skal stiftsdirektørens avgjørelser holdes innenfor disse. Forøvrig vil det som er fastsatt i årlige budsjett og virksomhetsplaner danne grunnlag for den løpende drift av kontoret.

1.4 Stiftsdirektøren skal forholde seg til og følge de bestemmelser om økonomiforvaltning og andre saker som er fastsatt av Kirkerådet, Kirkemøtet eller annen overordnet myndighet.

1.5 Stiftsdirektøren skal ha nødvendig dialog med biskopen om konkrete vedtak som direkte berører biskopens tilsyns- og instruksjonsmyndighet.

1.6 Stiftsdirektøren har adgang til å delegere avgjørelsesmyndighet til andre medarbeidere.

1.7 Delegerte fullmakter kan tilbakekalles.

1.8 Delegert myndighet fra stiftsdirektøren til andre medarbeidere kan ikke delegeres videre.

**2. Delegasjon etter Lov om Den norske kirke**

2.1. Stiftsdirektøren gis fullmakt til å godkjenne opptak av lån på soknets vegne, jfr. Kirkelovens § 16, 1.ledd.

2.2. Stiftsdirektøren gis fullmakt til å iverksette nødvendige tiltak når kirkelig fellesråd har fattet vedtak om betalingsinnstilling, jfr. Kirkelovens § 16, 4.ledd.

2.3. Stiftsdirektøren gis fullmakt til å gi samtykke til at fast eiendom som ikke er nødvendig for kirken, kan avhendes, jfr. Kirkelovens § 18, 3.ledd

2.4. Stiftsdirektøren gis fullmakt til å samtykke i at avkastning og kapital av kirkefond kan benyttes til andre kirkelige formål i soknet eller i andre sokn i kommunen, jfr. Kirkelovens § 19, 1. og 2. ledd.

2.5. Stiftsdirektøren gis fullmakt til å godkjenne regler for betaling for bruk av kirker, jfr. Kirkelovens § 20, 2.ledd.

3. **Delegasjon etter Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd.**

3.1. Stiftsdirektøren gis fullmakt til å tillate nyanlegg, utvidelse, nedleggelse eller annen vesentlig endring av gravplass og bygning på gravplass, jfr. Gravferdslovens § 4, 1.ledd.

3.2. Stiftsdirektøren gis fullmakt til å godkjenne vedtekter for gravplasser, jfr. Gravferdslovens § 21, 1.ledd.

3.3. Stiftsdirektøren gis fullmakt til å avgjøre klage på enkeltvedtak truffet av kirkelig fellesråd eller menighetsråd etter Gravferdsloven eller etter regler i medhold av loven, jfr. Gravferdslovens § 24, 1.ledd.

3.4. Stiftsdirektøren gis fullmakt til å avgjøre saker i henhold til departementets forskrifter til Gravferdslovens §§ 2, 6, 14, 15 og 20.

**4. Delegasjon av myndighet i henhold til kgl.res., forskrift eller delegasjon fra Kirkedepartementet i særskilt brev**

4.1. Stiftsdirektøren gis fullmakt til å treffe vedtak i følgende saker i henhold til departementets delegasjon av 19.07.1996, jfr. kongelig resolusjon av 07.06.1996:

- at det skal føres felles kirkebok for flere sokn i samme prestegjeld eller kommune.
- pålegge og frita en menighetsprest for kirkebokføring og til å bestemme hvor

kirkebokførende prest skal ha kontor.

4.2. Stiftsdirektøren gis fullmakt til å treffe nødvendige avgjørelser når det gjelder den myndighet bispedømmerådet ble gitt i Kirkedepartementets brev av 20. juni 1997 om «Regler om statstilskudd til særskilte stillinger innen kirkelig undervisning og diakoni» og fordele den tildelte ramme fra Kirkerådet til formålet.

## 5. Delegasjon av myndighet i henhold til bestemmelser fastsatt av Kirkemøtet

5.1. I henhold til Regler for valg av menighetsråd, bispedømmeråd og Kirkemøte (kirkevalgreglene) § 4-4, jfr. § 15-1, gis stiftsdirektøren fullmakt til å treffe vedtak om klager over valget.

5.2. I henhold til Regler for valg av menighetsråd, bispedømmeråd og Kirkemøte (kirkevalgreglene) § 10-2 (3), gis stiftsdirektøren fullmakt til å treffe vedtak om valg kan holdes annet sted og/eller til annen tid enn slik det følger av Kirkelovens § 4, 4. ledd.

5.3. I henhold til Regler for valg av menighetsråd, bispedømmeråd og Kirkemøte (kirkevalgreglene) § 16-1 gis stiftsdirektøren fullmakt til å treffe vedtak om nytt valgoppgjør til valg av menighetsråd.

5.4. I henhold til Regler for valg av menighetsråd, bispedømmeråd og Kirkemøte (kirkevalgreglene) § 16-3 gis stiftsdirektøren fullmakt til å treffe vedtak om suppleringsvalg til menighetsråd i valgperioden.

5.5. Stiftsdirektøren gis fullmakt til å godkjenne at en kateketstilling midlertidig kan omgjøres til annen stilling, jfr. Tjenesteordning for kateketer § 4 pkt. 3.

5.6. Stiftsdirektøren gis fullmakt til å godkjenne at en diakonstilling midlertidig kan omgjøres til annen stilling, jfr. Tjenesteordning for diakoner § 4 pkt. 3.

5.7. Stiftsdirektøren gis fullmakt til å avgjøre om det skal tas betaling for tjenester for personer bosatt utenfor prestens tjenestedistrikt, jfr. Tjenesteordning for menighetsprester § 17, 2. ledd.

## 6 Økonomiforvaltningen

6.1. Stiftsdirektøren har anvisningsmyndighet for den økonomiske rammen som Kirkerådet gjennom tildelingsbrevet stiller til rådighet for bispedømmerådet.

6.2. Stiftsdirektøren avgjør spørsmål knyttet til økonomiforvaltningen i henhold til gjeldende lovverk, regler, retningslinjer, økonomiregelverk for Den norske kirke, Kirkemøtets budsjettreglement, mv.

6.3. Stiftsdirektøren har i løpet av budsjettåret fullmakt til å foreta justeringer innenfor bispedømmerådets vedtatte budsjett. Større avvik skal alltid legges fram for bispedømmerådet.

## 7 Personalforvaltningen

7.1. Stiftsdirektøren bemyndiges i det daglige til å være arbeidsgiverrepresentant etter Hovedavtalen og Hovedtariffavtalen, og til å gjennomføre lokale forhandlinger. Stiftsdirektøren har sete i alle partssammensatte utvalg. Stiftsdirektøren kan bemyndige andre til å ivareta sin representasjon i partssammensatte utvalg.

7.2. Stiftsdirektøren avgjør spørsmål knyttet til personalforvaltningen i henhold til gjeldende lovverk, regler, retningslinjer, personalreglement for Den norske kirke, mv.

## 8. Delegasjon av myndighet i saker etter plan- og bygningsloven

8.1 Stiftsdirektøren gis fullmakt til å avgi uttalelse til kommunale planer og andre saker etter plan- og bygningsloven.

## Forslag til vedtak

Skriv inn teksten her.

DEN NORSKE KYRKJA
«Soa_adr3» bispedømeråd

# DELEGASJONSREGLEMENT FOR MØRE BISPEDØMERÅD

Instruks og fullmakter til stiftsdirektøren, bispedømerådsleiar og AU

Møre bispedømeråd fastset delegasjonsreglement på grunnlag av reglar for bispedømerådets verksemd med heimel i kyrkjelova § 23.

Reglementet er vedteke av Møre bispedømeråd i møte 11/9-15 og trer i kraft frå same dato.

## 1. Generelt om utøving av delegert mynde.

1.1 Bispedømerådet gjev stiftsdirektøren mynde til dagleg forvalting og leiing av bispedømerådet si verksemd i samsvar med gjeldande lover og forskrifter og vedteken årsplan og budsjett.

1.2 Prinsippsaker og saker som er særleg viktige, skal leggjast fram for bispedømerådet for vedtak. Dersom hast i slike saker gjer dette umogleg, skal dei handsamast i samråd med leiaren for bispedømerådet og refererast i neste bispedømerådsmøte.

1.3 Stiftsdirektøren kan delegere til andre i staben å gjere vedtak i saker. Dette skal i så fall gjerast skriftleg.

1.4 I saker der stiftsdirektøren ikkje har mynde, men vedtak ikkje kan vente til neste møte i bispedømerådet, kan leiaren gjere vedtak etter innstilling frå stiftsdirektøren. Leiaren skal i slike tilfelle rådføre seg med arbeidsutvalet (AU)

1.5 Arbeidsutvalet består av leiar, nestleiar og biskop og trer saman ved behov etter innkalling frå leiar. Stiftsdirektøren er arbeidsutvalet sin sekretær.

1.6 Leiaren uttalar seg på rådet sine vegner i høve til media i dei saker som ikkje naturleg ligg til administrasjonen ved stiftsdirektør.

## 2. Økonomiforvaltinga

2.1 Økonomiforvaltinga skal følgje instruks for økonomiforvaltinga i Staten og økonomiinstruks for Møre bispedømeråd.

2.2 Bispedømerådet delegerer til stiftsdirektøren å stå for den daglege forvaltinga av midlar bispedømerådet har fått tildelt over statsbudsjettet. Delegasjonen gjeld også forvalting av dei statlege tilskotsordningane og innsamla midlar. Delegasjonen gjeld innanfor den vedtekne planen for verksemda, vedtekne budsjett og gjeldande retningslinjer for tilskotsforvaltninga.

2.3 På bakgrunn av budsjettvedtak tar stiftsdirektøren avgjerd i spørsmål om i kva omfang bispedømmerådet skal løne vikar i ledige prestestillingar. Slike avgjerder skal meldast prostane snarast råd.

2.4 Stiftsdirektøren legg frem økonomirapportar for bispedømerådet kvart kvartal.

## 3. Personalforvaltinga

3.1 Bispedømerådet delegerer til stiftsdirektøren å innvilge permisjonar på inntil 6 månader for staben ved bispedømekontoret i samsvar med gjeldande regelverk. Stiftsdirektøren fastset ferietidspunkt og godkjenner overføring av ferie frå eitt år til eit anna i samsvar med ferielova, og godkjenner tidspunkt for uttak av seniordagar og avspasering.

Den forhandlingsberettigede arbeidstakerorganisasjon som organiserer arbeidstakere ved organet, oppnevner arbeidstakerrepresentanten med personlig varamedlem. Er det flere forhandlingsberettigede organisasjoner som har medlemmer ved organet, oppnevner organisasjonene i fellesskap representanten med personlig varamedlem. Der det ikke er mulig å enes om dette, oppnevner den organisasjonen som organiserer flest arbeidstakere ved organet representanten med personlig varamedlem. Arbeidstakerorganisasjoner som er tilknyttet samme hovedsammenslutning kan slå sammen sine medlemstall for å oppnå rett til å oppnevne etter forrige punktum.

Representantene oppnevnes for inntil to år om gangen.

### Del IV Behandling av søknader, intervju, uttalelse, innstilling m.m.

## § 11. Behandling av søknader

Etter utløpet av søknadsfristen skal det snarest settes opp utvidet liste over søkere i samsvar med forvaltningslovforskriften § 15. Umiddelbart etter at søkerlisten er satt opp sendes den til innstillende myndighet. Ved tilsetting av menighetsprest og prost sendes listen sammen med kopi av søknadene gjennom biskopen til vedkommende menighetsråd eller – ved tilsetting av spesialprest – til institusjonene eller organisasjonen der presten skal tjenestegjøre.

Det skal også snarest settes opp offentlig søkerliste i samsvar med offentleglova § 25 annet ledd.

De søkere som synes å være best kvalifisert, skal innkalles til intervju. Ved tilsetting av prest avgjør biskopen dette i samråd med stiftsdirektøren. Er det blant de kvalifiserte søkerne personer med funksjonsnedsettelse eller nedsatt arbeidsevne, skal minst én av disse innkalles til intervju. Personer i innstillende myndighet kan dessuten kreve at andre kvalifiserte søkere innkalles. Det vurderes konkret om søkere som er kjent fra før, skal innkalles.

Administrasjonen kan velge å ta søknader i betraktning selv om søknadsfristen er overskredet. I så fall skal dette gjelde samtlige slike søknader.

# § 12. Deltakere ved intervju

Ved intervju skal innstillende myndighet eller den som gir forslag om tilsetting og én representant for arbeidstakerne delta. Intervjugruppen kan suppleres med personer med særskilt kunnskap om stillingens arbeids- og ansvarsområde.

Ved intervju av søkere til stilling som har særlig ansvar for ungdomsdemokratiet, enten på nasjonalt eller regionalt nivå, skal én representant, som har fylt 18 år, fra det råd eller utvalg vedkommende skal arbeide for, gis anledning til å delta.

Ved intervju av søkere til stilling som menighetsprest som skal ha flere sokn som tjenestested (særskilt arbeidsområde), kan menighetsrådene i fellesskap peke ut ytterligere én representant som deltar ved intervju.

Ved intervju av søkere til stilling som prost deltar ytterligere én representant fra et menighetsråd i prostiet. Ved intervju i forbindelse med tilsetting av prost kan også biskopen delta.

Ved intervju av søkere til stilling som spesialprest skal en representant for institusjonene eller organisasjonen der presten skal tjenestegjøre gis anledning til å delta.

Ved intervju av søkere til stillinger ved bispedømmekontoret kan også biskopen delta.

Ved intervju av søkere til stilling som organets daglige leder skal organets arbeidsutvalg eller, der slikt ikke finnes, det valgte organets leder og minst to av medlemmene, utpekt av organet, delta. Ved tilsetting av stiftsdirektør skal også biskopen delta.

Ved intervju av søkere til stilling som generalsekretær for Mellomkirkelig råd eller Samisk kirkeråd skal leder eller annet medlem av vedkommende råd delta.

Ved intervju av søkere til stilling som generalsekretær for Bispemøtet skal medlemmer av Bispemøtets arbeidsutvalg delta.

# § 13. Innhenting av opplysninger

Dersom det under intervjuet kommer frem nye opplysninger av betydning, skal disse nedtegnes og vedlegges saksdokumentene.

Det innhentes normalt referanseuttalelser fra personer som kjenner søkeren, f.eks. personer som har vært søkerens leder eller kollega. Det skal ikke innhentes opplysninger fra en søkers nåværende eller tidligere arbeidsgiver dersom søkeren ber om at dette ikke gjøres.

# § 14. Uttalelse

Ved tilsetting av menighetsprest har det eller de berørte menighetsråd anledning til å gi uttalelse om hvilke tre personer blant søkerne rådet ønsker tilsatt.

Ved tilsetting av prost har menighetsrådene i prostiet anledning til å gi uttalelse om hvilke tre personer blant søkerne disse ønsker tilsatt.

Ved tilsetting av spesialprest skal institusjonene eller organisasjonen der presten skal tjenestegjøre gis anledning til å gi uttalelse om hvilke tre personer blant søkerne disse ønsker tilsatt.

Ved tilsetting av generalsekretær for Mellomkirkelig råd eller Samisk kirkeråd har vedkommende råds arbeidsutvalg anledning til å gi uttalelse om hvilke tre personer blant søkerne rådet ønsker tilsatt.

Ved tilsetting i stilling som har særlig ansvar for ungdomsdemokratiet, enten på nasjonalt eller regionalt nivå, skal de representantene som har fylt 18 år fra det råd eller utvalg vedkommende skal arbeide for, i fellesskap gis anledning til å gi uttalelse om hvilke tre personer blant søkerne de ønsker tilsatt.

I uttalelsen skal de ønskede søkere nevnes i prioritert rekkefølge. Rådets uttalelse føres inn i møteboken med opplysning om stemmetall for de søkerne rådet har foreslått. Vedtar rådet ikke å gi noen uttalelse, skal også dette føres inn i møteboken. Rådet sender utskrift av møteboken til innstillende myndighet.

Avgitt uttalelse følger saken til eventuell tilsetting har funnet sted.

# § 15. Innstilling og forslag

Dersom det er flere kvalifiserte søkere til en stilling, skal vanligvis tre søkere innstilles eller foreslås i prioritert rekkefølge.

Der innstilling skal gis av innstillingsråd, avgjøres innstillingen i møte eller ved at rådets leder gir skriftlig forslag til innstilling, som sendes først til arbeidstakerrepresentanten, som så sender saken videre til menighetsrådets representant, som til sist sender saken til det fjerde medlemmet av innstillingsrådet. Hvis disse er enige i forslaget, blir dette innstillingen. Dersom et av medlemmene er uenig i forslaget til innstilling eller ønsker at innstillingen skal avgjøres i møte, skal det sammenkalles til møte i innstillingsrådet. Den endelige innstillingen tas inn i innstillingsprotokollen, som underskrives av alle. Hvert medlem av rådet har rett til å begrunne sitt standpunkt i protokollen. Den som er innstilt av et mindretall, regnes også som innstilt. Hvert enkelt medlem av innstillingsrådet er ansvarlig for at innstillingen avgis i tråd med dette reglementet og gjeldende regelverk. Ingen av medlemmene kan bindes av det organ det utgår fra i sin vurdering eller konklusjon.

Ved spørsmål om søkernes adgang til innsyn i innstillingen eller forslaget, anvendes forvaltningslovforskriften § 19, jf. personalreglementet § 3.

Del V Tilsetting

# § 16. Tilsetting i bispedømmeråd, Bispemøtet og Kirkerådet

Tilsettinger som skal foretas i bispedømmerådet, i Bispemøtet eller i Kirkerådet, foretas i ordinært møte.

I særskilte tilfeller kan også vedtak om tilsetting finne sted i ekstraordinært møte.

Vedtak om tilsetting bør inneholde flere navn i prioritert rekkefølge.

Dersom tilsettingsorganet vil tilsette en søker som ikke er innstilt, skal tilsettingsorganet be om skriftlig uttalelse om vedkommende fra innstillende myndighet. Også et mindretall i tilsettingsorganet kan be om en slik uttalelse. Dersom innstillende myndighet likevel ikke vil innstille vedkommende, skal saken avgjøres av tilsettingsorganet. Bare søkere som er innstilt eller den som tilsettingsorganet har fått uttalelse om etter første punktum, kan da tilsettes.

Når bispedømmerådet selv behandler tilsettingssaker, skal det tiltres av én representant for arbeidstakerne, utpekt på samme måte som i § 10 tredje ledd. Denne har talerett.

Når Kirkerådet selv tilsetter direktør skal det tiltres av én representant fra arbeidstakerne ved Kirkerådet og én representant for arbeidstakerne i virksomheten. Disse oppnevnes etter reglene i § 10 tredje ledd. Disse har tale-, forslags- og stemmerett

Når Bispemøtet selv tilsetter generalsekretær skal det tiltres av to representanter for arbeidstakerne ved Bispemøtet. Disse oppnevnes etter reglene i § 10 tredje ledd. Disse har tale-, forslags- og stemmerett.

Representanter for arbeidstakerorganisasjonene har under taushetsplikt adgang til de samme dokumenter som rådets medlemmer i den aktuelle sak.

## § 17. Tilsetting i tilsettingsråd

Tilsettingssaker behandles normalt ved at de sendes på rundgang mellom medlemmene.

Dersom det viser seg at det er uenighet mellom medlemmene eller noen krever det, skal det avholdes møte.

Deltagelse i tilsettingsrådet er en tjenesteplikt. Medlemmene i tilsettingsrådet kan ikke hindre vedtak ved å utebli fra behandlingen eller nekte å underskrive møteprotokoll. Unnlater likevel enkelte av tilsettingsrådets medlemmer å delta i behandlingen av en sak eller underskrive møteprotokollen, er tilsettingsrådet beslutningsdyktig om minst halvparten av medlemmene deltar og underskriver.

Dersom tilsettingsrådet vil tilsette en søker som ikke er innstilt, skal tilsettingsrådet be om skriftlig uttalelse om vedkommende fra innstillende myndighet. Også et mindretall i tilsettingsrådet kan be om en slik uttalelse. Dersom innstillende myndighet likevel ikke vil innstille vedkommende, skal saken avgjøres av tilsettingsrådet.

## § 18. Særregler ved tilsetting av prest

Ved tilsetting av person som ikke er ordinert, må det tas forbehold om ordinasjon.

Personer som på tilsettingstidspunktet ikke fyller kvalifikasjonskravene for tilsetting som prest i Den norske kirke, og som befinner seg i den avsluttende delen av profesjonsstudiet i teologi eller tilsvarende, kan tilsettes med forbehold om at dokumentasjon for oppfylte kvalifikasjonskrav fremlegges innen seks måneder etter at det er truffet vedtak om tilsetting.

Før bispedømmerådet treffer vedtak om tilsetting av person som har blitt autorisert til prestetjeneste i medhold av forskrift om autorisasjon av prester i henhold til avtalen om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde (EØS-avtalen), skal biskopen etter samtale med søkeren ha funnet vedkommende skikket for prestetjeneste i Den norske kirke og mottatt vedkommendes løfte om å utføre denne tjeneste i overensstemmelse med Den norske kirkes ordninger.

## § 19. Kvalifikasjonsprinsippet

Den best kvalifiserte søkeren skal tilsettes i ledig stilling, med mindre det er gjort unntak i lov eller forskrift.

Dersom det er aktuelt å gjøre slikt unntak som nevnt i første ledd, skal det fremgå av utlysningen.

Ved vurderingen av hvem som er best kvalifisert, skal det legges vekt på utdanning, erfaring og personlig egnethet, sammenholdt med kvalifikasjonskravene som er fastsatt i utlysningen.

## § 20. Overgang fra midlertidig stilling til fast tilsetting

En arbeidstaker som er midlertidig tilsatt etter offentlig kunngjøring og vanlig tilsettingsprosedyre, kan tilsettes fast uten ny kunngjøring og behandling av innstillende myndighet.

## § 21. Melding om tilsetting

Tilsettingsmyndigheten skal gi den som blir tilsatt skriftlig melding om tilsettingsvedtaket med opplysning om eventuelle særvilkår. Hvis vedkommende tilsettes på prøve, skal meldingen også inneholde en orientering om prøvetidsreglene. Den som er tilsatt skal innen åtte dager bekrefte skriftlig om vedkommende tar imot stillingen.

Det skal inngås skriftlig arbeidsavtale i samsvar med arbeidsmiljøloven §§ 14-5 til 14-8. Ved tilsetting av stiftsdirektør eller generalsekretær i Bispemøtet skal Kirkerådet konsulteres før tilbud om lønns- og arbeidsvilkår gis.

Tilsettingsmyndigheten skal, så snart den tilsatte har tatt imot stillingen, gi øvrige søkere melding om at stillingen er besatt. Meldingen skal inneholde navn på den som er tilsatt. Det bør praktiseres utsatt offentlighet for tilsettingsvedtaket i henhold til offentleglova § 5 siste ledd.

### Del VI Beregningsregler, oppsigelse, suspensjon, avskjed og klage

## § 22. Beregning av tilsettingstidens lengde

Ved beregning av tilsettingstidens lengde etter arbeidsmiljøloven § 15-3 medregnes all sammenhengende tjeneste i rettssubjektet Den norske kirke.

## § 23. Vedtaksorgan og saksbehandlingsregler i saker om oppsigelse, suspensjon og avskjed

Vedtak om oppsigelse, suspensjon og avskjed treffes av tilsettende myndighet. For biskoper treffes slikt vedtak av Den norske kirkes klagenemnd.

I sak om menighetsprest, prost eller spesialprest hvor bispedømmerådet er tilsettende myndighet og der saken krever rask avgjørelse, kan vedtak om suspensjon etter arbeidsmiljølovens bestemmelser også treffes av biskopen i samråd med bispedømmerådets leder. På samme vilkår kan preses treffe vedtak om suspensjon av biskop.

Før vedtak treffes i sak etter første ledd skal vedkommende arbeidstaker – i tillegg til sine rettigheter etter forvaltningsloven – gis anledning til å forklare seg muntlig for tilsettende myndighet.

Når bispedømmerådet selv, Bispemøtet selv eller Kirkerådet selv behandler saker etter § 23 skal det tiltres av de samme representanter for arbeidstakerorganisasjonene ved organet som ved tilsettinger etter § 16.

## § 24. Klage over oppsigelse, suspensjon og avskjed

Med unntak for vedtak som angår biskoper, kan oppsigelse, suspensjon eller avskjed påklages i samsvar med forvaltningslovens bestemmelser om klage på enkeltvedtak.

Bispedømmerådet selv er klageinstans for vedtak om oppsigelse, suspensjon eller avskjed truffet av tilsettingsråd i bispedømmet.

Kirkerådet selv er klageinstans for vedtak om oppsigelse, suspensjon eller avskjed truffet av bispedømmerådet.

Kirkerådet selv er klageinstans for vedtak om oppsigelse, suspensjon eller avskjed truffet av tilsettingsråd i Kirkerådet.

Kirkerådet selv er klageinstans for vedtak om oppsigelse, suspensjon eller avskjed truffet av tilsettingsråd i Bispemøtet eller Bispemøtet.

Den norske kirkes klagenemnd er klageinstans for vedtak om oppsigelse, suspensjon eller avskjed truffet av Kirkerådet i første instans.

Klagen fremsettes skriftlig for tilsettende myndighet. Ut over det som følger av forvaltningsloven §§ 11 d og 12 skal en part ha adgang til å møte personlig og med fullmektig for å redegjøre muntlig for sitt syn overfor klageinstansen.

### Del VII Andre bestemmelser

## § 25. Avtalefestede permisjoner

Permisjoner gis etter Hovedtariffavtalens bestemmelser.

Søknad om permisjoner som er avtalefestet, avgjøres for arbeidstakere ved bispedømmekontorene, Bispemøtet og Kirkerådet av organets daglige leder eller den denne gir fullmakt. Prost avgjør søknader fra menighetsprest i prostiet. Biskopen avgjør søknader fra prost i bispedømmet. Bispemøtets preses avgjør søknad fra biskop. Kirkerådets leder avgjør søknad fra preses. Det enkelte bispedømmeråd, Bispemøtets arbeidsutvalg og Kirkerådets arbeidsutvalg avgjør søknad fra organets daglige leder.

# § 26. Permisjoner i forbindelse med opplæring, overgang til annen stilling mv.

For arbeidstakere ved bispedømmekontor, Bispemøtet eller ved Kirkerådet kan organets daglige leder, så langt tjenesten tillater det, gi tjenestefri med eller uten lønn til arbeidstaker som ønsker å gjennomføre en utdanning eller utføre et arbeid som er av direkte betydning for vedkommendes videre faglige utvikling i Den norske kirkes tjeneste. Ved tjenestefri med lønn forutsettes det at utføring av annet arbeid er ulønnet. Når det gjelder vilkårene for tjenestefri med lønn, herunder regler om plikttid, følges bestemmelsene om dette i egen avtale.

For prest kan biskopen, så langt tjenesten tillater det, gi tjenestefri med eller uten lønn i inntil tre år for den som ønsker å gjennomføre en utdanning eller utføre et arbeid som er av direkte betydning for vedkommendes videre faglige utvikling i Den norske kirkes tjeneste. Preses kan på samme vilkår gi biskopen tjenestefri, og tilsvarende Kirkerådets leder for preses. Ved tjenestefri med lønn forutsettes det at utføring av annet arbeid er ulønnet. Når det gjelder vilkårene for tjenestefri med lønn, herunder regler om plikttid, følges bestemmelsene om dette i egen særavtale.

Tjenestefri for å overta annen stilling i eller utenfor kirken, kan gis i inntil ett år. Unntaksvis kan slik permisjon forlenges. For arbeidstakere ved bispedømmekontor, Bispemøtet og Kirkerådet behandles søknad om slik permisjon av organets daglige leder. For prest behandles søknad om slik permisjon av vedkommende biskop.

# § 27. Ferie mv.

Regler om feriefastsettelse og tiden for ferie er regulert i ferieloven. Bestemmelser om fridager er regulert i særskilte avtaler.

For prestene sørger prosten for at det blir satt opp ferielister for prostiet i så god tid som mulig. Prosten tilstår prestene ferie. Biskopen tilstår prostene ferie. Biskopen meddeles ferie av preses og preses av Kirkerådets leder.

For arbeidstakere ved bispedømmekontorene, Bispemøtet og Kirkerådet sørger nærmeste foresatte for at det blir satt opp ferielister i så god tid som mulig. Det skal sørges for forsvarlig bemanning til enhver tid. Ferielistene godkjennes av organets daglige leder eller den denne gir fullmakt. Tilsvarende gjelder ved senere endringer.

# § 28. Endringer

Kirkerådet kan gjøre mindre endringer i dette personalreglementet.

# § 29. Ikrafttredelse og overgangsbestemmelser

Dette reglementet trer i kraft fra 1. juli 2019.

Samtidig oppheves personalreglement for de ansatte ved bispedømmekontorene, personalreglement for prester i Den norske kirke og personalreglement for de ansatte i Kirkerådet, samtlige vedtatt av Kirkemøtet 11. april 2016. De tilsettingsprosesser som er igangsatt i form av utlysning av stillinger før tidspunktet for ikraftsettelsen, gjennomføres etter tidligere reglement.

Skriv inn teksten her.

Click here to enter text.
Skriv inn teksten her.

# Bispedømerådet 2020 – 2024

Det nye bispedømerådet 2020 – 2024 i Møre er klart. Rådet vil bestå av fem kvinner og fem menn og har representantar frå dei tre vallistene Nominasjonslista, Åpen folkekirke og Bønnelista. Rådet vil starte si funksjonstid frå 1. januar 2020.

Medlemene i bispedømerådet møter også i det årlege Kyrkjemøtet, som i 2020 blir 22. – 27. april i Trondheim.

Bispedømmerådet 2020 – 2024 får denne samansetjinga:

**Nominasjonskomiteens liste sine representantar:**
Ann-Kristin Sørvik, f. 1957, varaordfører, Averøy Frode Rabbevåg, f. 1959, dagleg leder, Molde Rikke Elisabeth Grevstad Kopperstad, f. 1960, lærer, Fosnavåg

**Åpen folkekirke sine representantar**:
Therese Kristin Utgård, f. 1979, lege, Sykkylven Ole Martin Grevstad, f. 1970, personalsjef, Ulsteinvik Olav Myklebust, f. 1969, lokalhistorikar, Gursken

**Bønnelista sin representant:**
Monika Tettli, f. 1964, ansatt Buf-etat, Valldal

**Andre medlemer**
Arne Moltubak, sokneprest Ørsta, er vald til representant for prestane og Olav Rønneberg, kateket i Stordal, Ørskog og Skodje, er vald til lek kyrkjeleg tilsett representant. I tillegg er biskop Ingeborg Midttømme fast medlem i rådet.

**Varamedlemer:**

| | |
|---|---|
| Elias Nikolai Øyehaug Opsvik | (1. vara Nominasjonskomiteens liste) |
| Hilde Jorun Lerheim | (2. vara Nominasjonskomiteens liste) |
| Geir Henriksen | (3. vara Nominasjonskomiteens liste) |
| Kjetil Tore Fjalestad | (4. vara Nominasjonskomiteens liste) |
| Evy Sisilie Bergum | (1. vara Åpen folkekirke) |
| Margaret Sivertsen Mørk | (2. vara Åpen folkekirke) |
| Maren Elgsaas Alnæs | (3. vara Åpen folkekirke) |
| Elise Vik Nordbrønd | (4. vara Åpen folkekirke) |
| Johan Gjendemsjø | (1. vara Bønnelista) |
| Kirsti Jorid Slåttelid | (2. vara Bønnelista) |
| Tormod Remøy | (1. vara for prestane) |
| Grethe Lystad Johnsen | (2. vara for prestane) |
| Anna Myklebust | (1. vara for lek kyrkjeleg tilsett representant) |
| Mildrid Fiske | (2. vara for lek kyrkjeleg tilsett representant) |

Den totale oppslutninga var på 15,1 prosent av dei røysteføre (ca. 24800 stemmer), noko som er ned eit par prosent frå rekordvalet i 2015, men er over nivået frå kyrkjevalet i 2011.

Ved bispedømmerådsvalet røysta om lag 13 prosent av dei røysteføre, eit stemmetal på ca. 21080.

Oppteljinga viser at røystene vart fordelt slik:

Åpen folkekirke: 9395 røyster
Nominasjonskomiteens liste: 8380 røyster
Bønnelista: 2761 røyster

Valrådet hadde møte 18. september, og godkjende det endelege valresultatet. Det var ikkje kome inn nokon klager på valet då fristen gjekk ut.

# Høyringssvar

## Biskopen i Møre
## Møre bispedømeråd

### -Forslag til endringer i utlendingsloven og utlendingsforskriften (oppnevning av nemdmedlemmmer til utlendingsnemnda)

Møre Bispedømeråd og Møre biskop takkar for høve til å gi høyringssvar.

1) Denne høyringsinstansen støttar forenklinga som endringsframlegget uttrykkjer; at utnemning av nemndmedlemer blir ført over frå Kongen i statsråd til det departement som har hovudansvaret for utlendingsforvaltninga.

2) Ein naturleg og naudsynt konsekvens av at departementet får overført utnemningsansvaret, er at departementet seier frå seg retten til å fremje kandidatar til nemnda. Møre bispedømeråd og Møre biskop støttar framlegget om at denne retten blir overført til Fylkesmannen. Fylkesmannen har stort nettverk over heile landet og kan fremje kandidatar som har gode føresetnader til å skjøtte vervet. Saman med kandidatar frå dei andre forslagsinstansane trur vi at endringsframlegget kan føre til endå breiare og betre samansetning av nemnda.

3) Møre Biskop og Møre bispedømeråd støttar også framlegget om at tilsette i departementa ikkje kan oppnemnast til nemndmedlem. Det sikrar objektivitet og styrkar truverdet til vedtak i UNE at medlemene i nemnda ikkje kan vere tilsett i organet som oppnemner medlemer til nemnda.

4) Høyringsuttalen går inn for å skjerpe krava til kven som kan oppnemnast til medlem i nemnda og vil tilpasse vilkåra til formuleringa i domstollova §70. «den som velges , må ha tilstrekkelige norskkunnskaper, og for øvrig være personlig egnet til oppgaven». Argumentet for denne endringa heng saman med høvet endringa opnar for å løyse eit medlem frå vervet.

   Med tanke på ansvaret nemnda har, støttar vi at kravet til medlemer av nemda blir harmonisert med vilkåra i Domsstollova §70 (m.o.t. egnethet og språkkunnskap). Vi ser at det er eit godt grep at vilkåra for å bli valt til medlem i nemnda er samordna med krava for å bli oppnemnd som meddommar.

Filen ble ikke funnet. Den er enten slettet, eller sjekket ut.

DEN NORSKE KYRKJA
Møre Avdeling Kyrkjeliv
Møre biskop

**Høyringssvar**



Vår dato
09.08.2019

Vår referanse
19/02576-2

Vår sakshandsamar
Ole Kristian With Due

Til

Kopi til

## Svar til høyring om ordning for konfirmasjonstidens gudstjenester

Viser til brev frå Kyrkjerådet datert 20.05.2019 (ref. 18/00868-38) der nytt forslag til ordning for konfirmasjonstida sine gudstenester vert sendt på høyring.

Svara nedanfor vert sendt inn via spørreskjema på https://surveys.enalyzer.com?pid=cf6r2fda på vegner av Møre bispedømeråd og Møre biskop. Sidan det ikkje let seg gjere med handsaming i bispedømerådet innan fristen, er høyringa administrativt utarbeidd og resultatet vert lagt fram for bispedømerådet til orientering.

### Generelle kommentarar

Aller først vil vi takke for at ordninga, inkludert rubrikkar, ligg føre på nynorsk i denne høyringa. Vi er også glade for at ein har ynskt å styrke samanhengen mellom dåpen og konfirmasjonen i liturgien, og vil understreke at vi ser dette som ei god og tenleg utvikling av ordninga for konfirmasjonstida sine gudstenester.

*Talet på valalternativ*
Vi tenkjer at prosessen med revidering av gudstenestereforma frå 2011 viser at det er ynskjeleg med liturgiar som inneheldt færre val. Difor har vi gjennomgåande i svara nedanfor peika på kor vi tenkjer at det er tenleg å redusere valalternativa.

*Kvifor er ordninga skrive heilt ut?*
I høyringsforslaget definerer ein gudstenesta som *kasualia* saman med dåp, gravferd, og vigsel. Ein seier at gudstenesta difor skal ha ein fast struktur som gjeldt for alle kyrkjelydar. Samstundes skriv ein i rubrikken at konfirmasjon som hovudregel skal feirast i kyrkjelyden si hovudgudsteneste. Gudstenesta vil difor vere prega av kyrkjelyden si lokale grunnordning og lokale skikkar.

Dette kan gje grunn til forvirring om tilhøvet mellom konfirmasjonsgudstenesta og hovudgudstenesta. Vi trur det vil gje eit mykje betre oversyn og være tydlegare om ein i staden *berre* definerer dei liturgiske ordningar og ledd som gjeld spesifikt for konfirmasjonstida sine gudstenester, og kor dei skal/kan plasserast i kyrkjelydens hovudgudsteneste.

### Høyringsspørsmål

1. Vurderer dere de nye bønnen bedre enn dagens bønner?

*Forslaga til forbøn i presentasjonsgudsteneste*
Nei. I forslaget til forbøn som er føreslått til presentasjonsgudstenesta, er det berre ledd 3 som spesifikt heldt fram konfirmantane. Difor synast det litt unødvendig å formulere ei komplett forbøn her. Det synast også som ledd 3 ikkje står i samanheng men dei andre bøneledda i særleg grad, i tillegg til at det er lite utfyllande i seg sjølv.

Ein bør difor *anten* skrive ut ei komplett forbøn som spesifikt inkluderer konfirmantane i fleire eller alle ledda (jf. ordninga frå 2002), *eller* berre skrive ut eit eller to meir fyldige bøneledd for konfirmantane

og konfirmasjonstida som ein kan bruke saman med kyrkjelyden sin vanlege forbøn eller ei anna forbøn frå den justerte gudstenesteordninga frå 2019 som passar til den aktuelle gudstenesta.

Rubrikken «Forbøn kan ein henta frå ferdigskrivne forbøner (…) alternativ 3 eller 4» er også unødvendig og kan med fordel fjernast, sidan kyrkjelyden finn passande alternativ sjølv om dei ikkje nyttar «Bøn for konfirmantane».

*Forslaga til «dagens bøn»*
Forslaga til dagens bøn er gode i det at dei så tydleg koplar til dåpen. Det er likevel nokre perspektiv vi etterlyser:

*Kvar er takke- og lovprisingsperspektivet?*
Konfirmasjonsgudstenesta ei festgudsteneste. Liturgisk farge er kvit, og presten kan bere messehakel heile gudstenesta. Kyrkjelyden, konfirmantane, fadrane, familiane og heile lokalsamfunnet ser konfirmasjonsdagen som ein festdag. Då er det også på sin plass at dette vert reflektert i sjølve liturgien i konfirmasjonsgudstenesta, mellom anna gjennom takk til og lovprising av Gud. Dette saknar vi i høyringsforslaget.

I forslaga til felles forbøn og bøn for den enkelte konfirmant, kjem takkeperspektivet tydlegare fram - men då berre i høve konfirmantane. I Dagens bøn/kollektbøna kjem heile kyrkjelyden fram for Gud, og vi ynskjer å takke og lovprise for det Gud har gjeve *oss alle*. Dette kan avhjelpast noko ved å innleia bønene med «Trufaste/Evige Gud, *takk for* at du tok i mot oss i dåpen.»

«Kalls- og eskatologidimensjonen», som høyringsforslaget kallar det, er heller ikkje særlig til stades i Dagens bøn. Bønene tek i staden opp den «vertikale» rørsla frå Gud til menneske, den «horisontale» rørsla som handlar om tilhøvet oss menneske i mellom, men stoppar der og gløymer den «vertikale» rørsla som er mennesket si respons til Guds kall, frå mennesket og til Gud (jf. også poenget om lovprisingsperspektivet over). Dette perspektivet var med i 2002 (t.d. «..leva i fellesskap med deg og vera vitne om Jesu oppstode / lat liva våre vitna om at Jesus») og i ’92-ordninga.

Dersom høyringa vel å ta dette perspektivet ut av forbønene for den enkelte konfirmant, bør det vere til stade i den kollektive kyrkjelydens Dagens bøn, i tillegg til i forbøna.

## 2. Mener dere de nye tekstforslagene er gode?
Ja. Det vil også vere ein rikdom å ha fleire tekstar å ta av for forkynnarar til konfirmasjonsgudstenester, noko som på sikt vil kome både kyrkjelydane og kyrkja til gode.

## 3. Anser dere alternativ B som et godt alternativ?
Dette er ein god formulering for ei dåpspåminning, i det tydlege ekkoet av dåpsliturgien. Fromuleringa står seg godt som alternativ saman med alternativ A, som er den tradisjonelle formuleringa

Symbolhandlinga å late konfirmantane teikne seg med korsteiknet under gudstenesta, er i utgangspunktet  ein god ide både liturgisk, teologisk og «pedagogisk». Føresetnaden er at dette er noko som har blitt nytta i konfirmasjonstida.

Men det oppstår ei utfordring konfirmasjonsgudstenesta når dette også kan sjåast som ei offentleg og personleg vedkjenning frå konfirmanten av hennar eiga tru. Sjølv om ein har brukt korsteiknet i konfirmasjonsundervisninga, og konfirmantane er fortrulege med det, kan det i denne konteksten oppfattast som eit krav til at konfirmanten *skal* gjere ei spesifikk handling for å stadfest si eiga tru. Dette er ein konfirmasjonsteologi Den norske kyrkja har lagt bak seg.

Vi vil difor råde frå å implementere denne symbolhandlinga her.

Når det gjeldt andre symbolhandlingar, bør det gjevast ei tydleg beskriving av kva type symbolhandlingar ein kan bruke (t.d. «… for å synleggjere samanhengen mellom dåp og konfirmasjon»).

4. Forbønnen i alternativ A-C er justert i samsvar med den endrede dåpsliturgien. Er det behov for tre alternativer?

I utgangspunktet kan vi ikkje sjå at ein treng tre alternative forbøner. Tematisk er dei dessutan ikkje veldig ulike. Samstundes kan bøn A og C opplevast som dei har eit betre språk, medan bøn B definitivt opplevast meir tilgjengeleg. Måten ein har teke igjen element frå dåpsliturgien er også fint og gjev godt samsvar med denne.

Vårt forslag er at ein tek utgangspunkt i bøn B, og arbeider vidare med språket så ein både får eit godt *og* eit tilgjengeleg språk, og lar det vere berre eitt alternativ.

Det er også ein føresetnad at ein tek godt var på «kalls- og eskatologidimensjonen» her, dersom ein altså vel å ta det bort frå bønene for den enkelte konfirmant.

5. Mener dere at korstegning er en god symbolhandling?

Det som talar for å innføre denne praksisen er auka konkretisering og kroppsleggjering av forbøna som kan auke opplevinga av noko meiningsberande, og er noko som festar seg lettare i hukommelsen og lettare kan knytast til dåpen. Den auka bruken av korssymbolet i ulike konfirmantopplegg og i trusopplæringa, gjer også denne typen symbolhandlingar (jf. spm. 3) meir aktuelle å bruka her.

Sjølv om det ikkje er lang tradisjon i norsk luthersk kyrkjeliv for dette, har det også vore ei auke i bruken av korsmerket som symbolhandling i samband med t.d. askeonsdag, dåpspåminningar av ulike slag, og ved velsigning under nattverden til dei som ikkje ynskjer eller kan ta imot nattverdselementa. Det kan altså sjå ut som fysiske symbolhandlingar heldt på å bli ein del av det norske lutherske bøne- og liturgispråket, og at ein liknande praksis som den høyringa foreslår ville kunne etablere seg i alle høve, uavhengig av kva som står i vedtekne liturgiar. Difor kan det også vere lurt å allereie no inkludere dette på ein god måte i liturgien.

Samstundes er det viktig å sjå bruken av korssymbolet i konteksten til heile konfirmasjonstida. Dersom det å verte teikna med korset er noko konfirmantane er fortrulege med og har opplevd tidligare i konfirmasjonstida som uttrykk for tru i praksis, kan dette fungere godt også i konfirmasjonsgudstenesta. Men dersom dette er heilt framand for både konfirmantar og kyrkjelyd, skal ein vere varsam med å innføre eit nytt element i konfirmasjonsgudstenesta.

Vi tilrår med andre ord praksisen, men ynskjer å tydeleggjere at det må vere eit handlingsrom for den enkelte prest eller kateket til å utøve skjønn i om det er lurt eller ikkje, der dei tenestegjer.

6. De nye forbønnen løfter fra dåps- og velsignelsesperspektivet. Mener dere at dette er løst på en god måte?

*To sett bøner?*

Ein kan stille spørsmål ved om det er naudsynt med to sett med bøner, særskilt når dei dekker mange av dei same tematikkane. I tråd med eit av våre hovudpoeng (sjå generelle kommentarar), vil vi rå til at ein berre har eitt sett med bøner for den enkelte konfirmant.

Vi er samstundes også glade for rikdomen i mangfaldet av bøner. Dei er med på å gjere gudsbilete større for både konfirmantane og kyrkjelyden. Difor vil vi også rå til at ein i rubrikkane legg til rette for

at konfirmantane kan bli kjende med bønene i konfirmasjonstida, og eventuelt få velje sine eigne bøner der det er praktisk å gjennomføre.

Omarbeidinga av bønene frå 2002-liturgien er god, særskilt med omsyn til korleis dåpen er knytt saman med bønene. Det høyringa kallar det «eskatologiske» perspektivet er naturleg og godt løyst når det står saman med dåpen, som t.d. «…lovnad om det evige liv» (bøn B9), «Du gav det evige livs håp» (bøn B3) eller «Du som har teke til med di gode gjerning» (Bøn B6). Velsigningsperspektivet gjer seg også godt saman med desse bønene.

*Dåps- og velsigningsperspektivet*
At dåpsperspektivet er vektlagt i bønene, er godt ut i frå ei auka vektlegging på dåpen generelt i Dnk's teologisk samtale og i trusopplæringa. Samstundes gjev det også grunn til å setje spørsmålsteikn ved dei teologiske motivasjonane som ligg til grunn for å minimere det eskatologiske perspektivet, når ein samstundes aukar fokuset på dåp? Det opplevast sjølvmotseiande.

*Dei nye bønene*
Det er likevel mange gode element ved dei nye bønene. Dei er litt meir «formulaiske» i sin formlikskap, men dette kan vere ein god ting – bønene frå både 1992 og 2002 fram til no kan opplevast «ujamne» seg i mellom. At det trinitariske perspektivet, med påkalling av Gud, bøn om styrke frå Den heilage Ande, og bøn om velsigning i Jesu Kristi namn er teke vare på i alle bønene, er teologisk på sin plass når ein ynskjer å knytte sterkare an til ei trinitarisk dåpsforståing.

Nokre av bønene (A1, A4, A6) nyttar verb i infinitiv med referanse til den det vert beden for. Her vil vi foreslå å endre til ei enno meir passiv form for å understreke kven som handlar i forbøna, og unngå at tru og tillit og kjærleik vert forstått som noko ein skal prestere. T.d.: «Hjelp henne/han til *eit liv* i tillit og tru…» (A1), «Gje henne/han kraft til *eit liv* i kjærleik…» (A4), og «Hold henne/han nær til deg *i eit liv i* tru og tillit» (A6).

*Samandrag*
Vi vil på bakgrunn av det vi har sagt over, rå til at ein tar var på nokre av dei omarbeidde bønene frå 2002, omarbeider dei til å passe betre inn i formelen til dei nye bønene, tek vare på dei eskatologiske perspektiva og legg inn fleire referansar til det evige liv i bønene for den enkelte konfirmant, og til sist følgjer opp med ei meir passiv form i nokre av bønene.

7. Alternativ A er likelydende med 2002-ordningen og identisk med lesningen som avslutter Dåpsliturgien (1Pet 1,3). Alternativ B utdyper troens gave og kall. Alternativ C benytter ordet *konfirmert* som liturgisk begrep for selve forbønnshandlingen. Er det tjenlig med alternativer med ulik karakter?

Å halde fast på 1. Pet. 1,3 som i 2002-liturgien er generelt noko vi opplever som eit godt grep, både teologisk relevant, også liturgisk godt i det det gjev ekko til både dåp og gravferd. Slik vert gjerne også 1. Pet. 1,3 nytta i sjølve konfirmasjonstida si undervisning.

Alternativ C, der «konfirmert» vert nytta som eit eige omgrep, vil vi sterkt råde i frå å nytte. I vår kyrkje er ikkje konfirmasjon eit sakrament men ei liturgisk handling, som kjem til uttrykk gjennom forbøna for den enkelte og med handspålegging. Å nytte «konfirmasjon» som eit eige «liturgisk omgrep», som høyringa skriv, inneber at ein opnar opp for ein stor og prinsipiell diskusjon om kva konfirmasjon og konfirmasjonstida er og skal vere i vår kyrkje. Vi er tent med ein slik diskusjon, men vi meiner samtalen må takast i ein større samanheng enn ei setning i ei høyring om ei revidert liturgisk ordninga for konfirmasjon. På den måten kan vår liturgi bli eit uttrykk for vår teologi, i staden for at vi i etterkant må teologisk forklare ein liturgi.

De spør om det er tenleg med fleire alternativ med ulik karakter – og i tråd med ei av våre hovudlinjer (sjå generelle merknadar) tenkjer vi at det er eit poeng å ha så få alternativ som mogleg. Om vi difor skal velje berre eitt alternativ, er 1. Pet1,3 det vi oppfattar som mest tenleg.

Samstundes tenker vi at det også kan vere trong for eit alternativ som ikkje er eit bibelord. Alternativ C, med unnatak av den første setninga, gjev ekko til det gamle sluttordet frå både 2002. Desse formuleringane er gode, gjev eit eskatologisk og sakramentalt perspektiv til heile gudstenesta og knyter også tilbake til dåpen. Med bakgrunn i det vi skriv over, vil vi difor føreslå følgjande omskriving av alternativ C, og anbefale at alternativ A og det følgjande omskrive alternativ C vert vidareført:

*Vi har no bede for kvar enkelt av dykk med handspålegging. Gud, som tok til med si gode gjerning i dykk, har lova å fullføra henne, heilt til Jesu Kristi Dag. Bli verande i Guds kjærleik. Gud styrkje dykk med sin nåde til det evige liv. Fred vere med dykk!*

## 8. I forslaget har en valgt å ikke åpne for en personlig hilsen fra menighet eller konfirmantledere her. Meningsinnhold i en slik hilsen kan inkluderes i inngangsord eller preken, eller legger til andre arrangementer enn denne gudstjenesten. Er dere enig i dette?

Ja. Dette har fleire årsakar:

- I fleire kyrkjelydar har det etter kvart utvikla seg ein praksis der forrettande prest heldt konfirmasjonspreika, medan det på plassen for ei helsing frå kyrkjelyd eller konfirmantleiarar, ofte har vore kateket eller ein anna kyrkjeleg medarbeidar, som, sidan dei har følgd konfirmantane, har halde sin eigen tale som somme tider kan vere til forveksling lik ei preike.
- I tillegg til at det då vert mykje taletid, er det også ei utfording om meiningsforskjellar, personlegdomsforskjellar eller liknande får eit for stort fokus, til dømes dersom talane har vidt forskjellige poeng som til dels kan motseie kvarandre. Mangfald i tekstforståing og i korleis vi lever ut både trua vår og livet vårt er eit gode, men det er kanskje ikkje så tenleg dersom dette får for stor plass i konfirmasjonsgudstenesta, der det er konfirmantane som skal stå i fokus.
- Samstundes vil det kanskje i framtida ikkje vere så ofte at ein har ressursar til at både prest og kateket er saman i konfirmasjonsgudstenesta, i alle fall ikkje utanfor byane. Difor kan det vere tenleg uansett å legge opp til ein praksis der det er den som har følgd konfirmantane primært (t.d. kateketen) som forrettar konfirmasjonsgudstenesta, eller har preika om det er presten som forrettar. Dette kan spesifiserast i rubrikkar i ordninga for konfirmasjonsgudsteneste.
- Mange kyrkjelydar og sokneråd ynskjer også å få lov til å heidra konfirmantane, med *korte helsingar* blomar, eller liknande. Ein kan difor med fordel vegleia i rubrikkar til kvar i gudstenesta dette bør skje. Vi meiner at det er både dramaturgisk og liturgisk best å gje høve til dette på kunngjeringsplass, slik at høgtida i resten av gudstenesta vert teke i vare.

## 9. Mener dere at dette liturgiforslaget møter behovene for fornyelse av deg gjeldene liturgier?

Ja, med dei kommentarar som er gjevne i svara ovanfor.

## 10. Har dere kommentarer til utformingen av Alminnelige bestemmelser?

- Tilhøvet mellom kva som vert regulert i Allmenne føresegner og i Plan for trusopplæring – Gud gir – vi deler er ikkje tydleg nok. Vi vil anbefale at føresegner for konfirmasjon(stida), som t.d. pkt. 1-2,4-8 og 10 vert korta ned, og at ein viser vidare til «Plan for trusopplæring» for detaljar omkring konfirmasjonstida. T.d. reguleringar omkring kor mange og kva gudstenester konfirmantane skal delta på i konfirmasjonstida, høyrer meir heime i «Plan for trusopplæring» (sjå s. 28 om Gudstenester i konfirmasjonstida).

- Reguleringar som derimot gjeldt sjølve gudstenestene og innhaldet i dei, høyrer heime her i Allmenne føresegner. På den måten tydeleggjer ein at Allmenne føresegner fell inn under liturgisk myndigheit.
- Pkt. 3 si vegleiing omkring nattverden i konfirmasjonstida er uklar, sett saman med Allmenne føresegner for hovudgudstenesta. Kva meiner ein med «vegleiing om nattverden»? Deltek konfirmantar i nattverden sjølv om dei ikkje er døypte, så lenge det er ein del av konfirmasjonstida, og i så fall på kva måte? Får konfirmantar som ikkje er døypte, vin og brød, eller skal dei (jf. allmenne føresegner for hovudgudstenesta pkt. 39) vente med det til ein er døypt som ein del av konfirmasjonstida, og i staden verte velsigna med korsteiknet? Her treng vi ei tydlegare vegleiing.

**Behandling i Kultur- og folkehelseutvalet - 04.09.2019**
Randi Asbjørnsen (SUNML) fremma forslag om slike alternative punkt:

«1. Kultur- og folkehelseutvalet tilrår etablering av et regionalt kystpilegrimssenter lokalisert i Borgundgavlen i Ålesund og organisert under Musea på Sunnmøre.

2. Kultur- og folkehelseutvalet tilrår at det blir arbeidd for å etablere eit regionalt støttepunkt for kystpilegrimsleia i Møre og Romsdal, lokalisert på Edøy i Smøla lokalisert til Gurisenteret og på sikt organisert under Nordmøre museum.

3. Kultur- og folkehelseutvalet ber fylkesrådmannen gå i dialog med Ålesund kommune, Sunnmøre museum og Den norske kyrkja lokalt og regionalt om delfinansiering og drift av eit regionalt kystpilgrimssenter i Borgundgavelen i Ålesund, når det ligg føre forslag til statleg medfinansiering.

4. Kultur- og folkehelseutvalet ber fylkesrådmannen gå i dialog med Smøla kommune, Kristiansund kommune og Trøndelag fylkeskommune og Den norske kyrkja lokalt og regionalt om delfinansiering og drift av eit regionalt støttepunkt for kystpilegrimsleia i Møre og Romsdal lokalisert til Edøy på Smøla, når det ligg føre finansiering og ein samla plan for etablering av regionale kystpilegrimssenter langs kystpilegrimsleia.»

**Votering:**
Det vart votert alternativt over punkt 1, 2, 3 og 4 i tilrådinga frå fylkesrådmannen og forslaget frå Randi Asbjørnsen. Punkt 1, 2, 3 og 4 i tilrådinga frå fylkesrådmannen fekk 7 røyster (SP, AP, V, SV, FRP, KRF) og vart vedteke. Forslaget frå Randi Asbjørnsen fekk 3 røyster (SUNML, H) og fall.

Punkt 5 i tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Kultur- og folkehelseutvalet - 04.09.2019**
1. Kultur- og folkehelseutvalet tilrår etablering av et regionalt kystpilegrimssenter på Edøy på Smøla, lokalisert til Gurisenteret og på sikt organisert under Nordmøre museum.

2. Kultur- og folkehelseutvalet tilrår at det blir arbeidd for å etablere eit regionalt støttepunkt for kystpilegrimsleia i Møre og Romsdal, lokalisert i Borgundgavlen og organisert under Musea på Sunnmøre.

3. Kultur- og folkehelseutvalet ber fylkesrådmannen gå i dialog med Smøla kommune, Kristiansund kommune og Trøndelag fylkeskommune og Den norske kyrkja lokalt og regionalt om delfinansiering og drift av eit regionalt kystpilegrimssenter på Edøy på Smøla, når det ligg føre forslag til statleg medfinansiering.

4. Kultur- og folkehelseutvalet ber fylkesrådmannen gå i dialog med Ålesund kommune, Sunnmøre museum og Den norske kyrkja lokalt og regionalt om delfinansiering og drift av eit regionalt støttepunkt for kystpilegrimsleia i Møre og Romsdal lokalisert til Borgundgavlen, når det ligg føre finansiering og ein

samla plan for etablering av regionale kystpilegrimssenter langs kystpilegrimsleia.

5. Kultur- og folkehelseutvalet føresett at midlane til dette blir omdisponert innanfor ramme 57 Kulturtilskot.

Filen ble ikke funnet. Den er enten slettet, eller sjekket ut.

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Håvard Sporastøyl |
| **Sendt:** | 5. juli 2019 13:29 |
| **Til:** | Agder-bdr; Bjørgvin-bdr; Borg-bdr; Hamar-bdr; Møre-bdr; Nidaros-bdr; Nord Hålogaland-bdr; Oslo bispedømme; Stavanger-bdr; Sør Hålogaland-bdr; Tunsberg-bdr |
| **Emne:** | 19/00586-14 - Referat fra Kontaktmøte 6. juni 2019 |
| **Vedlegg:** | Referat fra Kontaktmøte 6. juni 2019.pdf |

**Fra:** Håvard Sporastøyl
**Sendt:** 7. juni 2019 11:12
**Til:** Agder-bdr; Bjørgvin-bdr; Borg-bdr; Hamar-bdr; Møre-bdr; Nidaros-bdr; Nord Hålogaland-bdr; Oslo bispedømme; Stavanger-bdr; Sør Hålogaland-bdr; Tunsberg-bdr
**Emne:** Referat fra Kontaktmøte 25. april 2019
**Vedlegg:** Referat fra Kontaktmøte 25. april 2019.pdf